


2022

Sveio kommune



Årsrapport 2022

Sveio kommune

Innhald

Sveio kommune	3
Ordførar – året som gjekk	4
Rådmannen innleiar	6
Nokre særskilte hendingar 2022.	6
Folkesetnad	8
Vekst i folketalet framleis viktig	8
Busetnad	10
Utdanningsnivå	10
Jamstelling mellom kjønna	11
Demografisk utvikling framover	12
Kultur	13
Natur, ytre miljø og ureining	15
Klima og energi	16
Politisk organisering	17
Organisasjonen	18
KOSTRA – tal per rammeområde	19
Om dei einskilte rammeområda	19
Rammeområder	30
Kultur	31
Politisk	34
Oppvekst - skule	35
Oppvekst – barnehage	40
Helse og rehabilitering med fellestenester	43
Pleie og omsorg	45
NAV med flyktningavdeling	47
Barnevernstenesta	49
Habilitering	51
Teknisk og næring	53
VAR – Vatn, Avløp og Renovasjon	56
Sentraladministrasjon	58
Kyrkja– Sveio Kyrkjelege Fellesråd	61
Økonomi	63
Drift	63
Driftsresultat	64
Gjeld	65
Driftsfond	65
Brutto driftsutgifter	65
Den økonomiske stillinga	66
Likviditet	66
Investering	67

Vilje til vekst og ein god stad å leva

	2020	2021	2022
Folketal per 31.12	5 798	5 775	5 732
Folkeauke (ibuarar)	32	-23	-43
Folkeauke (%)	0,55 %	-0,40 %	-0,74 %
Netto innflytting	11	-39	-50
Fødselsoverskot	21	16	8

Ordførar – året som gjekk

I starten av 2022 var det framleis restriksjonar og smittevernreglar grunna koronapandemien. Regjeringa letta på dei aller fleste smitteverntiltaka i midten av februar.

24. februar 2022 invaderte Russland Ukraina, som blant anna førte til flyktningkrise. I Sveio er det tverrpolitisk semje om å ta i mot flyktningar, noko som blei stadfesta med vedtak om å ta i mot fleire flyktningar i slutten av året. Sveio kommune har busett 35 flyktningar frå Ukraina i 2022.

Sveio kommune gjennomførte folkerøysting i samband med sak om framtidig fylkestilhøyrsløse for Sveio kommune. Valdagen var 10. januar. Valoppslutnaden var 61,3 %, der 56 % røysta for at Sveio bør vere i Vestland fylke og 43,4 % røysta for at Sveio bør vere i Rogaland fylke. Kommunestyret fatta eit samrøystes vedtak at Sveio skal halda fram med å høyra til Vestland fylke.

Kommunen har jobba aktivt for å skapa positiv utvikling i Sveio. Eg vil særleg trekke fram at Kommunestyret samrøystes vedtok å etablere ei tilskotsordning der 7 krinsar kan søke om inntil kr 200.000 kvar til sosiale møteplassar og nærmiljø. Retningslinjer blei vedtatt i 2022, og lyst ut på slutten av året, med søknadsfrist i 2023. Det blei svært godt mottatt.

Av andre saker og prosjekt i Sveio i 2022 vil eg nemnde vidare arbeid med kommuneplan og kommunedelplan for Sveio sentrum, vidare arbeid med badeanlegg og «nyskapande aktivitets- og idrettsanlegg», eigarstrategi for Ryvarden kulturfyr, vidare arbeid med prosjekt om utvikling av Førdebygda.

Vidare har Sveio kommune arbeida med ferdigstilling av uteområde på Sveio skule, ny brannstasjon, ny kommunal barnehage i Sveio sentrum, områdeplan Ekrene vest, detaljregulering Fv. 541 Grimstvedt – Sveio sentrum, vedtak om å styrke psykisk helseteneste og skulehelsetenesta, kommunal straumstøtte til næringslivet, vedtak om salsløyve til Vinmonopolet og plan for opparbeiding av uteområdet på Førde skule.

Kommunestyret løyvde midlar til «Eldre ut på middag» og til sommaraktivitetar for barn. Begge desse prosjekta blei gjennomført i samarbeid med Sveio frivilligsentral og har fått gode tilbakemeldingar.

Sveio kommune har hatt fokus på klimavenlege løysingar. Det var derfor ekstra flott å opne Aktivitetshuset med solcellepanel. Kommunen er i gong med ny energi- og klimaplan, der Kommunestyret har vedtatt planprogrammet.

Ordførar har blant anna fått glede av å delta på Bua barnehage sitt 5 års jubileum, 4H sine haustfestar, kabaret i regi av ungdomsskulen på Sveio skule, kulturfestival i Valestrand, utdeling av verdibrev til 10. klassingane, delt ut kulturprisen til Kystlaget, opna sommarutstilling i Valestrand kulturkyrkje og haustmarknad i Førde og deltatt på fleire møter i Ungdomsrådet. Det er óg gjennomført ordførars time på biblioteket og halde 9 vigslar.

Farten Valen-festivalen blei arrangert i 2022, som óg blei markert som minneår – 70 år etter Valens bortgang. Denne festivalen blei ein flott og verdig festival i Fartein Valens namn, med framføring av musikken hans frå ulike musikarar og uttrykk. Eg vil særleg trekke fram Bergen filharmoniske orkester med kor sin konsert i ein full sal på Vigdartun idrettshall.

Ordførar har delt ut fleire miljøfyrtårnsbevis i 2022, der kommunehuset og Sveio folkebibliotek er blant dei som er miljøfyrtårnsertifisert.

Ordførar har deltatt på møter i regionen, som til dømes Haugaland kraft AS, Haugalandspakken, Haugaland brann og redning IKS, Karmsund havn IKS, faste møter i Haugalandsrådet og Samarbeidsrådet for Sunnhordland, og generelt samarbeid i regionen.

Ordførarkollegiet i regionen har vidareført det tette samarbeidet med jamlege digitale møter gjennom heile året. I tillegg har ordførar vore på studietur til København med Samarbeidsrådet for Sunnhordland og møter i Oslo med Haugalandsrådet og andre møter i Oslo med ordførarar i regionen.

Avslutningsvis vil eg takke det politiske miljøet for samarbeid og gode drøftingar, og takke alle tilsette i Sveio kommune for den jobben dei gjer kvar dag for at Sveio er ein god plass å bu og leve.

Linn Therese Erve
ordførar

Rådmannen innleiar

Sveio kommune si viktigaste oppgåva er å sørgje for gode tenester til våre innbyggjarar. Vi ynskjer alle at kommune skal være god å bo i, arbeide i og leve i, gjennom ulike livsfasar. Gjennom kommuneplanen fastset kommunestyret dei langsiktige måla for Sveio-samfunnet. Kommunestyret har stadfesta at «Vilje til vekst og ein god stad og bu og leve» er det overordna målet.

Dei ulike kommunale planane og ikkje minst dei årlege budsjetta skal underbyggja dette. Ein må likevel ha med seg at det er avgrensa kor store endringar og kor mykje nye tiltak ein vil finne økonomisk handlingsrom til år for år.

I årsmeldinga oppsummerast mange av dei viktigaste aktivitetane kommunen har arbeidd med i føregåande år. Som alle kommunar, yter og Sveio kommune tenester på mange forskjellige område som er viktig for innbyggjarane. Frå før ein er født, gjennom oppvekst, arbeidsliv og alderdom. Det bærer sjølv sagt årsmeldinga preg av og ein vil oppmoda til å lese årsmeldinga i sin heilskap eller dei kapitla ein finn mest interessante.

Kor mykje kommunale tenester vi nyttar er forskjellig frå person til person og variera gjennom livet. Uansett så har vi alle eit forhold til kommunen og ynskjer god kvalitet og ei riktig mengde av dei tenestene ein nyttar.

Vi kan glede oss over at mykje er bra i kommunen vår. Samstundes er det ting som skapar uro, og som vi må arbeide med å gjere noko med. Vi skal fortsette å arbeide for at visjonen Vilje til vekst og ein god stad og bu leva kjenneteikna livet i Sveio kommune.

Nokre særskilte hendingar 2022.

Arbeids- og aktivitetshuset vart opna og tatt i bruk. Dette gjer ein del av våre tenestemottakarar nye rammer for sitt dagtilbod. Vona er at dette skal bidra til auka trivnad og livskvalitet.

Sveio næringsforum har i løpet av 2022 hatt ein re-start og auka sin aktivitet. Kommunen ser fram mot eit godt samarbeid i tida framover.

Av andre prosjekt som er under realisering kan ein nemne uteområde på Sveio skule. Samtidig arbeidast det med planar for «Nyskapande aktivitetsanlegg». Det er ein prosess for å finne ut behova til innbyggjarane når det gjeld idrettsanlegg og aktive møteplassar på Vigdartun kultursenter. Dette sjåast i samanheng med planlagd badeanlegg og idrettshall. Anbudsgrunnlaget for ny brannstasjon er lyst ut og ein førebur å legge ut anbod for ny Sveio barnehage.

Innan planområdet er det arbeid vidare med kommuneplanen sin arealdel, kommunedelplan for Sveio sentrum, områdeplan Ekrene vest, detaljregulering G/S-veg Ekrene-Vikse, og detaljregulering Fv. 541 Grimstvedt – Sveio sentrum. Kommuneplanen sin samfunnsdel er tidlegare politisk akseptert.

Kommunehuset og biblioteket vart miljøfyrtårnsertifisert i august 2022.

Det var og oppstart for den nye Helsestasjonen for seniorar, samt Hukommelses-team, som førebyggjande tiltak for å betre helsa til eldre i kommunen. Tiltaka er nærare beskrive i Helse og omsorgsplanen for Sveio kommune.

Skulane samarbeida med PP-tenesta og helsestasjonen for sikre inkludering og gode oppvekstvilkår for alle born. Som eit ledd i arbeidet med tidleg innsats er det fortsatt fokus på å auka lærartettleiken, mellom anna ved bruk av to-lærarsystem. Tilstandsrapporten syner at vi har ei svært positiv utvikling på mange område. Det er særleg interessant at skulebidraget går i positiv retning for alle trinn. Positive skulebidrag tyder på at vi har effektiv undervisning med godt læringsutbyte.

Diverre fell folketalet i kommunen for andre år på rad. Vi blei 43 færre Sveibuar i 2022. Ein vedvarande reduksjon i folketal vil ha negative verknadar på kommunens økonomi og såleis på tenesteomfanget som kan gis.

Det er framleis ein ung folkesetnad i Sveio samanlikna med fylket og landet. Samstundes vil det på lengre sikt være naudsynt å endre ressursbruken mellom aldersgruppene når dei utviklar seg i ulike retningar.

Netto driftsresultat enda på 18,7 millionar kroner i 2022. Dette er 3,3 % av brutto driftsinntekter. Det var eit betydeleg meirforbruk i tenestene, dette har motsvara seg i høgare inntekter – og då spesielt med auka skatteinntekter, inntektsutjamning, utbytte frå Haugaland kraft, utbetaling frå Havbruksfondet og skjønstilskot.

Med ønskje om god og informativ lesnad!


Jostein Førre
rådmann

Folkesetnad

Sveio hadde eit samla ibuartal på 5.732 per 31. desember 2022. Ved utgangen av 2021 var ibuartalet 5.775. Sveio hadde med andre ord ein nedgang i folketalet på 43 personar i 2022. Dette var andre året på rad med nedgang i folketalet. I løpet av 2021 blei folketalet redusert med 23 personar. Folketalet ser dermed ut til å ha flata ut etter mange år med vekst. Vi ser den same tendensen i nabokommunane i Sunnhordland og på Haugalandet.

Talet på fødselar var 57 i 2022, mot 56 i 2021 og 59 i 2020. Talet på «0-åringar» ser ut til å ha stabilisert seg på eit lågare nivå enn det vi såg for berre få år sidan:


07459: Befolkning, etter år. Personer, Sveio, 0 år.



Vekst i folketalet framleis viktig


Sveio kommune har framleis ein ung folkesetnad samanlikna både med fylket og landet. Dette vil endra seg over tid, om vi skal tru prognosane frå SSB. Den demografiske samansetjinga vil endra seg kraftig i heile landet i åra som kjem. Det er og slik at arbeidsinnvandring frå EØS-området over tid har bidrege til auken i folketalet. Denne innvandringa er no kraftig redusert. På den andre sida bidrog flyktningar frå Ukraina til veksten i folketalet i Noreg i 4. kvartal 2022.

06913: Befolkning og endringer, etter statistikkvariabel og år. Sveio.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

01222: Befolkning og kvartalsvise endringer, etter kvartal. Befolkning ved utgangen av kvartalet, Sveio.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Sveio har hatt negativ flyttebalanse både i 2021 og 2022. Det er fødselsoverskotet som har gjort at nedgangen i folketallet ikkje har vore større. Om fødselstala held seg låge framover, samstundes som vi får fleire eldre, vil denne effekten bli redusert.

Trass i at nettoendringa i folketallet var -43 personar i 2022, var det til saman 688 personar som flytta over Sveio sine kommunegrenser i løpet av året. Det var størst utflytting i 3. kvartal med 106 personar. Dette er vanleg i dei fleste kommunar, då det er i dette kvartalet studentar som er ferdige med utdanninga, melder flytting til den kommunen der dei har fått arbeid.

Busetnad

Veksten i busetnad har over tid vore høgast i søre luten av kommunen, i skulekrinsane Sveio og Vikse. Det er grunn til å tru at dette heng saman med at svært mange yrkesaktive personar pendlar ut av kommunen til Haugesund, Karmøy og Tysvær, samt at det har vore stor utbygging av bustader i dette området sidan tusenårsskiftet. Det er tre tettstader i Sveio kommune i høve til SSB sin definisjon. Desse hadde slikt folketal per 14. desember 2022:

Sveio 1523 (1525 i 2021)

Førde 363 (359 i 2021)


Rophus 375 (361 i 2021)

Det er interessant å leggja merke til at Sveio tettstad har eit høgare ibuartal enn Aksdal (730 ib.), Ølen (1312 ib.) og Etne (1315 ib.)

Utdanningsnivå

Utdanningsnivået i Sveio kommune har endra seg mykje sidan tusenårsskiftet. Talet på personar som har grunnskule som høgaste fullførte utdanning, er redusert, medan talet på personar med høgskule- og universitetsutdanning har auka. Delen av folkesetnaden som har høgare utdanning, er lågare i Sveio enn både i fylket og landet. Om vi summerer utdanning på vidaregåande og høgare nivå, får vi eit anna bilete. Då er ikkje Sveio signifikant ulik samanlikningsgruppene.

Høyeste fullførte utdanningsnivå



(Kjelde: SSB, kommunefakta)

Jamstelling mellom kjønna


Vi ser at det er nokre interessante endringar i indikatorane for jamstelling mellom kjønna frå 2020 til 2021. Det er ein større del av 1-5-åringane som går i barnehage. Det er ein liten auke i delen som har høgare utdanning både blant kvinner og menn, men det er stadig langt fleire kvinner enn menn som har slik utdanning. Det er stor skilnad i lønnsnivået mellom kvinner og menn. Det er og framleis slik at det store flirtalet av kvinnene jobbar i offentleg sektor, medan nesten sju av ti menn jobbar i privat sektor. Det er positivt å sjå at delen av mennene som tek ut heile fedrekvoten i foreldrepengerperioden, auka med heile 8,7 prosentpoeng frå 2020 til 2021.

Indikator	2020	2021
Andel barn 1-5 år i barnehage (prosent)	92,7	95,2
Andel menn blant kommunestyrerepresentanter (prosent)	72,0	72,0
Andel kvinner blant kommunestyrerepresentanter (prosent)	28,0	28,0
Andel menn med høgere utdanning (prosent)	19,8	20,0
Andel kvinner med høgere utdanning (prosent)	32,3	33,2
Andel menn (20-66 år) i arbeidsstyrken (prosent)	80,0	78,4
Andel kvinner (20-66 år) i arbeidsstyrken (prosent)	74,8	74,7
Gjennomsnittlig bruttoinntekt, menn (kr)	558600	759900
Gjennomsnittlig bruttoinntekt, kvinner (kr)	357900	385800
Andel sysselsatte menn (20-66 år) som jobber deltid (prosent)	14,4	14,0
Andel sysselsatte kvinner (20-66 år) som jobber deltid (prosent)	51,2	48,2
Andel fedre som tar heile fedrekvoten eller mer av foreldrepengerperioden	61,4	69,7
Grad av kjønnsbalansert næringsstruktur (skår)	0,47	0,46
Andel menn blant sysselsatte (20-66 år) i offentlig sektor (prosent)	21,2	22,3
Andel kvinner blant sysselsatte (20-66 år) i offentlig sektor (prosent)	78,8	77,7
Andel menn blant sysselsatte (20-66 år) i privat sektor (prosent)	68,2	68,5
Andel kvinner blant sysselsatte (20-66 år) i privat sektor (prosent)	31,8	31,5
Andel menn blant ledere (20-66 år) (prosent)	62,7	59,6
Andel kvinner blant ledere (20-66 år) (prosent)	37,3	40,4
Grad av kjønnsbalanse i utdanningsprogram på videregående skole (skår)	0,57	0,54

Demografisk utvikling framover

SSB sitt hovudalternativ for den demografisk utviklinga fram til 2040, syner at det er den eldste delen av folkesetnaden som vil auka kraftig i åra som kjem. Det blir færre born og unge, men delen av folkesetnaden som er i yrkesaktiv alder, vil halda seg stabil i nokre og før og han tek til å bli redusert. Denne utviklinga vil krevja store endringar i kommunen sin tenesteproduksjon.


13600: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter alder og år. Sveio, Hovedalternativet (MMMM).



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Om vi berre ser på dei gruppene som får omfattande tenester frå kommunen, barnehageborn, skuleelevar og dei eldste eldre, vil utviklinga vera slik dei neste ti åra:

13600: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter alder og år. Sveio, Hovedalternativet (MMMM).



Kilde: Statistisk sentralbyrå

I 2034

vil det vera dobbelt så mange eldre mellom 80 og 89 år som det er ungdomsskuleelevar i kommunen.

Kultur

Kommunen si satsing på kultur er til ein viss grad styrt av overordna føringar og pålegg, men arbeidet står i stor grad på lokale prioriteringar. Aktivitetsnivået er avhengig av eksterne midlar, der kommunen sine tilskot er den føresette grunnkapitalen.

Kommunen og frivillige lag og organisasjonar står for eit variert tilbod av kulturaktivitetar. Organisasjonar innan idrett og kultur blir støtta gjennom ulike stønadsordningar samt ein del praktisk hjelp. Desse får også bruke kommunale bygg og anlegg (inkl. idrettsanlegg) vederlagsfritt. Kommunen har tilbod til born og unge gjennom Sveio kulturskule, Den kulturelle skulesekken, Ung Sveio, Sveio ungdomsråd og Vigdartun kultursenter. Det er i dag ei 100% stilling som ungdomsarbeidar/tilsynsvakt tilknytt Vigdartun. Frå august 2022 vart deler av kulturavdelinga flytta til Vigdartun kultursenter og senteret vart ein ny kommunal eining. Andre delen av kulturavdelinga m.a. arbeid med kulturminnevern, idrett og friluftsliv, vart inkludert i nyoppretta eining for samfunnsutvikling.

Det gis kulturtilbod til seniorar gjennom «Den kulturelle spaserstokken» i samarbeid med Senioruniversitetet, Sveio omsorgssenter og Ryvarden kulturfyrt samt private aktørar.

Sveio folkebibliotek er aktiv og gjev tilbod til heile befolkninga. Etter etablering av sjølvbetjent og meirope bibliotek har ein dei siste åra hatt tildels omfattande endringar. Det gis no eit godt tilbod med betjent og ubetjent bibliotek. Biblioteket har dei siste åra lagt stor vekt på ulike arrangement og er blitt ein møtestad for både unge og vaksne. Halv stilling som skulebibliotekar inngår i biblioteket.

Det er aukande aktivitet på kulturvernfeltet i kommunen. Mange private eigarar ønskjer råd om bevaring og hjelp til å søkja tilskot til å ta vare på eigne bygningar. Kommunen administrer ei fylkeskommunal tilskotsordning som er viktig for å støtta opp under private eigarar av verdifulle kulturminne. Frå 2023 er denne forsterka med kommunal tilskotspott. Det blir arbeidd med skilting av fleire kulturminne, særleg i

tilknyting til turstiar. Kulturmiljøplanen blir oppdatert i samsvar med nye mål for kulturmiljøpolitikken (nytt namn: Kulturmiljøplan) og rullert plan skal handsamast i 2023. Sveio er vertskommune for eit interkommunalt samarbeid om kompetanseheving på kulturmiljøfeltet, finansiert av Riksantikvaren (KIK Sunnhordland).

Ei styringsgruppe i Valestrand har hatt ansvaret for å drive eit treårig «Liv og Lyst»-prosjekt, som har hatt lokalsamfunnsutvikling og entreprenørskap som formål. Prosjektet har gått over tre år og har vore støtta av Vestland Fylkeskommune og Sveio kommune, som partner i prosjektet. Om prosjektet og «Mulighetsstudie Valebygda» blir vidareført er i stor grad opp til lokale krefter i bygda.

Spelemidlar bidrar til utbygging av ulike idretts- og aktivitetsanlegg, noko som er viktig både for organisert idrett og for å fremje eigenorganisert fysisk aktivitet og i eit folkehelseperspektiv. Arbeid med planlegging av badeanlegg og nytt «nyskapande aktivitetsanlegg» og utbygging i Sveio golfpark står sentralt i arbeidet. DNT-hytter, Flokehyttene, som er bygd på Ryvardsneset i regi av Haugesund turistforening er særskild populære.

Dei to dagsturhyttene Nipaståvo og Golfståvo er også mykje besøkt. Det er framleis stort fokus på tilrettelegging av turstiar i kommunen. Nye turstiar m.a. i tilknyting til etablering av Flokehyttene er etablerte. Kommunen er med i Friluftsrådet Vest si satsing «Telltur», eit særskild populært prosjekt med mogleg personleg registrering av over 100 turmål i 12 kommunar i regionen.

Det vert satsa på dei kulturelle fyrtårna Ryvarden, Sveio Golfpark og arbeidet rundt komponisten Fartein Valen. Dei områda er også sentrale i kommunen si profilering.

Natur, ytre miljø og ureining

Omsynet til naturmangfaldet er viktig i kommunen si arealplanlegging og ved løyve til tiltak.

Kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet kunne vore betre. Sveio søkte i 2021 via Statsforvaltaren i Vestland om å koma med i Miljødirektoratet si finansiering av naturkartlegging 2022, men vart ikkje prioritert. Tilsette synfer Salamanderparken med jamne mellomrom, særskilt på førsommaren og på ettersommaren. På førsommaren er det aktuelt å sjå etter yngel, men slike er vanskeleg å oppdaga. I 2022 blei det ikkje føreteke registrering av yngel. Det er framleis planar om å fjerna sitkagran i og tett ved Salamanderparken, men dette arbeidet er førebels ikkje starta.

Kystlyngheia er ført opp som sterkt truga på raudlista for naturtypar og arbeid med den er viktig. Drifta av Ryvardsmarka der 4,5 km² kystlynghei vart ferdig gjerda inn med 5,3 km gjerde i 2017 er i utvikling. Ryvardsmarka beitelag SA driv med sau som beiter lyngen og held kystlyngheia i hevd. Vedlikehald av kystlyngheia ved brenning er naudsynt. Det er organisert fast mannskapsgruppe (eller grupper) i Sveio for lyngbrenning. Dette er utviding av det gode arbeidet som har vore på Haugalandet i mange år i regi Norsk landbruksrådgjeving Rogaland og Haugaland lyngbrannreserve. Det var også våren 2022 laglege forhold for brenning og nye delar av Ryvardsmarka vart brent av. Slike kontrollerte avbrenningar er positivt for kulturlandskapet og er med på å gi god erfaring og trening slik at ein er betre rusta for ein eventuell brann i terreng.

Botanikar Bjørn Moe og sivilagronom Annlaug Fludal har over fleire år kartlagt botanikken i eit område på Nesheim med vekt på den freda og kritisk truga planta dvergmarinøkkel. I 2008 oppmoda Miljøvernministeren Sveio kommune om å ta særskilt ansvar for dvergmarinøkkel. Det er etablert overvakingsruter med og utan beiting for vidare kartlegging. Diverre skjedde det transport over området i 2021 som sette omfattande spor etter seg i markoverflata. Overvakinga i åra framover kan avdekka om det har skjedd stor skade.

Mykje av naturforvaltinga i kommunen er knytt til kulturlandskapet. Gardbrukarane held det meste av kulturlandskapet i kommunen i hevd. Medviten bruk for å ta i vare naturverdiane er styrkt i seinare år. Ymse tilskotsordningar har vilkår om miljøvenleg drift og omsyn til naturmangfaldet, som til dømes reglane om produksjonstilskot i jordbruket og reglane i vassressurslova om kantvegetasjon. Nokre ordningar, slike som tilskot frå regionalt miljøprogram (RMP) og spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL), støttar særskilt innsats for naturverdiane i kulturlandskapet. Fleire typar tiltak, slike som nydyrking, inngrep i kulturlandskapet og bygging av landbruksvegar, er søknadspliktige der omsyn til naturmangfaldet er obligatorisk. Utvikling av kart- og innsynsløysingar har i seinare år gjort det mykje enklare for alle å skaffa seg kunnskap om naturverdiane.

Kommunen handsamar kvart år mange saker om sanitært utslepp frå hus og hytter, og i 2022 gjekk talet på søknader noko opp i høve til året før. Kunnskapsgrunnlaget for å avgjera utsleppssaker skulle vore betre og helst skulle lokal forskrift vore på plass. Kommunen sin hovudplan for avlaup er såpass gamal som frå 1996 og tidlegare forskrift om separate avlaupsanlegg er oppheva ved fastsetjing av nytt nasjonalt regelverk. Det vart laga nytt sonekart for sanitært utslepp og rettleiing til dette i 2021. Vassforskrifta set krav til kommunane om å kontrollera separate avlaupsanlegg og syta for at dei stettar miljømåla innan 2027, og seinast innan 2033. Med om lag 2500 separate avlaupsanlegg i Sveio er dette eit stort arbeid. Rådmannen fremja både i 2020, 2021 og 2022 forslag om stilling for tilsyn med private avlaupsanlegg, men forslaget vart ikkje vedteke av kommunestyret. Rådmannen fekk i oppdrag å orientera eigarane av utsleppsanlegg. Omsynet til godt ytre miljø er integrert i kommunen si planlegging og forvaltning.


Klima og energi

Klima- og energiltak som er planlagt, starta opp eller gjennomført i 2022

- Hausten 2021 utarbeida vi Klimabudsjett for 2022. Klimabudsjett er eit styringsverktøy for å nå mål om å redusere utslepp av klimagassar, og andre vedtekne klimamål. Klimabudsjettet er ein del av kommunen sin handlings- og økonomiplan.
- I tråd med planstrategien (2020-2023) starta arbeidet med ny klima- og energiplan. Planprogrammet vil truleg bli lagt ut for offentleg ettersyn i 3. møteserie 2022.
- Heimetenesta bytta i 2021 ut 7 fossile bilar med 7 elektriske bilar og oppfølgingstenesta leaser 1 elektrisk bil.
- Nye ladestasjonar blei montert ved Sveio Omsorgssenter i 2021. Dei har no totalt 10 ladestasjonar.
- Investering i ny varmepumpe på Vigdartun er vedtatt i investeringsbudsjettet for 2022. Det er venta gjennomført i 2023.
- Varmepumper er installert i den austre delen av kommunehuset hos Helsestasjonen, legekantoret og i gangen med barnevern og økonomi. Taket i den austre delen av kommunehuset blei etterisolert i oktober 2022.
- Nytt ventilasjonsanlegg og etterisolering av tak på Vikse skule er vedtatt i investeringsbudsjettet for 2022. Gjennomføring er planlagt i løpet av 2023.
- Det vert kontinuerlig jobba med å finne og stoppe vatnlekkasjar i leidningsnettet slik at ein kan få ned energiforbruket på vatnbehandlingsanlegg og trykkforsterkningspumper.
- Nytt aktivitetshus er ferdigstilt 2022, med solcellepanel på taket og moderne SD anlegg for mellom anna optimal styring av energi.
- Kommunehuset og biblioteket blei miljøfyrtårsertifisert i august 2022. Skular og barnehagar er planlagt å bli sertifisert i løpet av 2023. Miljøfyrtårnsertifisering av skulane er planlagt gjennomført i løpet av 2023.
- Sveio kommune er med i klimanettverket til Vestland fylkeskommune, som legg til rette for samarbeid, kompetanseutvikling og samskaping. Fokus i 2022 var fagleg påfyll til arbeid med klimaplan.
- Sveio kommune er og med i Klimanettverk Haugaland saman med Haugesund, Karmøy, Bokn, Utsira og Kvitsøy. Mandatet er å heve kompetansen innan klima og finne fram gode verktøy for utslippsreduksjon i kommunane. Klimanettverket har mellom anna eit samarbeid om klimavennlege anskaffingar og har delt erfaringar knytt til utarbeiding av klimabudsjett.
- Sveio kommune har fokus på klima- og miljøkrav ved alle kommunale innkjøp.

Politisk organisering

Kommunestyret består av 25 representantar og er Sveio kommune sitt øvste organ. Alt ansvar og mynde ligg i utgangspunktet her. For å få ei best mogleg organisering av den politiske verksemda blir ansvar og mynde fordelt til Kontrollutvalet, formannskapet og tre ulike hovudutval. Hovudutvala er delt inn i oppvekst/kultur, helse/omsorg og teknisk/næring



Arbeiderpartiet:

Linn Therese Erve (ordfører)
Håkon Johnsen Skimmeland
Asle Georg Halleraker
Maren Kristine Lye Bårdsen
Ingrid Pedersen Furdal
John Anders Semb
Torgeir Tveit Katla

Høgre:

Lars Einar Hollund
John Kristian Økland Mikal
Møller Hovda

Kristelig Folkeparti:

Jarle Jacobsen
Anne Vierdal

MDG:

Ole-Ørjan Hov

Senterpartiet:

Monica Vandaskog Valen
Dagfinn Fagerland Bjørge
Ole Velde
Arne Valen
Andreas Sirevaag

Framstegspartiet:

Ruth G Ø Eriksen
(varaordfører)
Rune Teikari
Gustav Eidsvåg
Svein Mathias Lie


Sosialistisk venstre parti:

Kristina Våge Ballard

Uavhengig:

Ole Johan Sveen
Stian Nygård

Organisasjonen



KOSTRA – tal per rammeområde


Om dei einskilde rammeområda

I følgjande tabellar og tekst er historisk statistikk frå dei ulike rammeområda synleggjort. Grafane visar historisk utvikling i netto driftsutgifter kvart år justert for deflator. I tala er Sveio kommune samanlikna med Landet utanom Oslo, Vestland fylke og kostragruppe 1. Kostragruppe 1 består av kommunar mellom 2 000 og 10 000 ibuarar, med låge bundne kostnader og låge korrigerte inntekter.

Grunnskulesektoren

Netto driftsutgifter til grunnskulesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år (B)

*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).



	2019	2020	2021	2022
Sveio	128 342	130 434	129 831	139 116
Landet uten Oslo	130 127	128 836	132 732	132 740
Vestland	136 484	134 843	138 464	139 174
Kostragruppe 01	136 539	135 972	138 928	137 726

I 2022 nytta Sveio kommune kr 139 116,- per innbyggjar 6-15 år til skuleområdet i følgje KOSTRA 2022.


Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 137 726,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar 6-15 år som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til skuleområdet blitt om lag 1,1 millionar lågare i 2022. Eigen innsparingsanalyse frå analyseverktøyet Framsikt visar at kommunen ligg om lag 6,5 millionar under gjennomsnittskommunen når ein tar omsyn til kommunens berekna utgiftsbehov. Sveio kommune nyttar minst i forhold til landet til sjølve undervisninga (3,7) og til skulelokal (3,0). På skyss nyttar området betydeleg meir enn andre kommunar (2,7). Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar 6-15 år i Sveio har gått opp med kr 10 774,- frå 2019 til 2022.

Gjennomsnittet i kommunegruppa har gått opp med kr 1 187,- per innbyggjar 6-15 år i den same perioden.

Barnehage

Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager (B)


*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).



I 2022 nytta Sveio kommune kr 193003,- per innbyggjar 1-5 år til barnehageområdet. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 184 132,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar 1-5 år som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til barnehageområdet blitt om lag 2,8 millionar lågare i 2022. Eigen innsparingsanalyse frå analyseverktøyet Framsikt visar at kommunen ligg om lag 4,8 millionar over gjennomsnittskommunen når ein tar omsyn til kommunens berekna utgiftsbehov. Meirutgiftene er størst når det sjølve drifta av barnehagane (inkludert tilskot til private barnehagar) (3,7) og styrka tilbod til barn i barnehage (2,6). I 2022 nytta kommunen om lag 2,3 millionar kroner mindre enn andre kommunar til førskulelokal og skyss. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i Sveio har auka med kr 15 741,- frå 2019 til 2022. Gjennomsnittet i kommunegruppa har auka med kr 5 744 per innbyggjar 1-5 år i den same perioden.

Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten (B)

*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).



	2019	2020	2021	2022
Sveio	8 514	10 836	11 506	12 213
Landet uten Oslo	12 069	11 458	11 408	13 155
Vestland	12 123	11 726	11 668	13 584
Kostragruppe 01	11 350	11 042	11 029	12 622


I 2022 nytta Sveio kommune kr 12 213,- per innbyggjar 0-17 år til barnevern. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 12 622,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar 0-17 år som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til barnevern blitt om lag 0,5 millionar høgare i 2022. Eigen innsparingsanalyse frå analyseverktøyet Framsikt visar at kommunen ligg om lag 3,4 millionar over gjennomsnittskommunen når ein tar omsyn til kommunens berekna utgiftsbehov. Det aller meste er knytt til barnevernstiltak (3,2). Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar 0-17 år har gått opp med kr 3 699,- frå 2019 til 2022. Gjennomsnittet i kommunegruppa gjekk opp med kr 1 272,- per innbyggjar 0-17 år i den same perioden.

Pleie og omsorg

Område pleie og omsorg gjeld tenestene som i Sveio kommune leverast frå rammeområda Pleie og omsorg, Habilitering og delvis Helseavdeling med fellestenester.

Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten (B)

*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).




I 2022 nytta Sveio kommune kr 23 606,- per innbyggjar til pleie og omsorg. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 24 371,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til pleie og omsorg blitt om lag 4,4 millionar høgare i 2022. Det gjer eit feil bilete å samanlikna Sveio mot kommunegruppa på dette området. Kommunegruppe 1 har eit særst høgt berekna utgiftsbehov på området. Eigen innsparingsanalyse frå analyseverktøyet Framsikt visar at Sveio kommune ligg 2,4 millionar kroner høgare enn gjennomsnittet til andre kommunar når det gjeld utgifter til pleie og omsorg, når ein justera for utgiftsbehovet. I 2022 hadde Sveio kommune utgifter til området på kr 575 779,- per innbyggjar over 80 år, medan gjennomsnittet i kommunegruppa låg på kr 473 910,-.

Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar har auka med kr 3 264,- frå 2019 til 2022. Gjennomsnittet i kommunegruppa har auka med kr 580,- per innbyggjar i den same perioden.

Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunehelse (B)

*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).




	2019	2020	2021	2022
Sveio	3 724	4 091	4 616	4 476
Landet uten Oslo	3 422	3 824	4 594	4 330
Vestland	3 530	3 902	4 751	4 468
Kostragruppe 01	3 380	3 743	4 320	4 158

Sveio kommune nytta i 2022 kr 4 476,- per innbyggjar til kommunehelse. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 4 158,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til kommunehelse blitt om lag 1,8 millionar lågare i 2022. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar har auka med kr 752,- frå 2019 til 2022. Gjennomsnittet i kommunegruppa har auka med kr 778,- per innbyggjar i den same perioden.

Netto driftsutgifter pr. innbygger til Sosiale tjenester (B)

*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).




	2019	2020	2021	2022
Sveio	2 166	1 769	1 904	1 998
Landet uten Oslo	3 157	3 026	2 984	3 123
Vestland	3 327	3 319	3 342	3 417
Kostragruppe 01	2 318	2 160	2 170	2 067

Sveio kommune nytta i 2022 kr 1 998,- per innbyggjar til sosiale tenester. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 2 067,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til kommunehelse blitt om lag 0,4 millionar høgare i 2022. Eigen innsparingsanalyse i analyseverktøyet Framsikt visar at Sveio kommune nytta 3,8 millionar kroner mindre enn andre kommunar til desse tenestene, når ein justera for kommunanes utgiftsbehov. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar i Sveio har gått ned med kr 168,- frå 2019 til 2022. Gjennomsnittet i kommunegruppa har gått ned med kr 251,- per innbyggjar i den same perioden.

Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner (B)

*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).




	2019	2020	2021	2022
Sveio	2,272	2,175	1,978	2,258
Landet uten Oslo	2,828	2,778	2,826	2,881
Vestland	2,813	2,937	2,843	2,911
Kostragruppe 01	2,205	2,116	2,105	2,105

I 2022 nytta Sveio kommune kr 2 258,- per innbyggjar til kultursektoren. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 2 105. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til kultursektoren blitt om lag 0,9 millionar kroner lågare i 2022. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar i Sveio har gått ned med kr 14,- frå 2019 til 2022. Gjennomsnittet i kommunegruppa har gått ned med kr 100,- per innbyggjar i den same perioden.

Netto driftsutgifter til funksjon 390,393 pr. innbygger i kroner (B)


*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).



I 2022 nytta Sveio kommune kr 774,- per innbyggjar til kyrkja. Dette inkludera ikkje stønad til andre trussamfunn som no er overtatt av staten. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 738,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til kyrkja vore om lag 0,2 millionar kroner lågare i 2022. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar har gått ned med kr 15,- frå 2019 til 2022. Gjennomsnittet i kommunegruppa har gått ned med kr 46,- per innbyggjar i den same perioden.

Netto driftsutgifter pr. innbygger til Plan, kulturminner, natur og nærmiljø (B)

*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).



	2019	2020	2021	2022
Sveio	861	862	790	1 124
Landet uten Oslo	918	876	938	1 008
Vestland	1 014	1 060	1 132	1 151
Kostragruppe 01	847	729	764	801


I 2022 nytta Sveio kommune kr 1 124,- per innbyggjar til Plan, kulturminner, natur og nærmiljø.

Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 801,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til Plan, kulturminner, natur og nærmiljø blitt om lag 1,9 millionar lågare i 2022. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar har auka med kr 263,- frå 2019 til 2022. Gjennomsnittet i kommunegruppa har gått ned med kr 46,- per innbyggjar i den same perioden.

I følge analyseverktøyet Framsikt nytta Sveio kommune om lag 0,5 millionar kroner meir til området enn andre kommunar i 2022. Sveio kommune nytta meir til områda plan (0,7), byggesak (0,4) og kart og oppmåling (0,2). Til tenestene Rekreasjon i tettsted (-0,4), Naturforvaltning og friluftsliv (-0,3) og kulturminner (-0,2) nyttar Sveio kommune mindre enn andre kommunar.

Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb (B)

*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).




	2019	2020	2021	2022
Sveio	5 141	5 009	5 422	5 574
Landet uten Oslo	5 745	5 510	5 628	5 509
Vestland	5 790	5 670	5 651	5 389
Kostragruppe 01	5 982	5 938	5 958	5 951

I 2022 nytta Sveio kommune kr 5 574,- per innbyggjar til Administrasjon, styring og fellesutgifter. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 5 951,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til Administrasjon, styring og fellesutgifter blitt om lag 2,2 millionar høgare i 2022. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar gjekk opp med kr 433,- frå 2019 til 2022. Gjennomsnittet i kommunegruppa har gått ned med kr 31,- per innbyggjar i den same perioden.

Analyseverktøyet Framsikt visar at Sveio kommune nytta meir enn ein gjennomsnittskommune på politisk og kontroll og revisjon, og mindre enn andre på administrasjon, eigedomsforvaltning og administrasjonslokal.

Netto driftsutgifter pr. innbygger til Brann og ulykkesvern (B)

*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).




	2019	2020	2021	2022
Sveio	1 158	1 197	1 112	1 247
Landet uten Oslo	1 019	981	1 038	1 031
Vestland	1 060	1 054	1 107	1 123
Kostragruppe 01	1 031	1 003	1 074	1 030

I 2022 nytta Sveio kommune kr 1 247,- per innbyggjar til Brann og ulykkesvern. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 1 030,-. Sveio kommune nytta kr 217,- meir per innbyggjar til området enn kommunane i gruppe 1. Dette utgjer om lag 1,2 millionar kroner. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar i Sveio har auka med kr 89,- frå 2018 til 2021. Gjennomsnittet i kommunegruppa har gått opp ned med kr 1,- per innbyggjar i den same perioden.

I følge analyseverktøyet Framsikt nytta Sveio kommune om lag 1,4 millionar kroner meir på området enn ein gjennomsnittskommune.

Rammeområder



Kultur

Tenester og oppgåver i avdelinga

For området gjeld Kulturlova og Biblioteklova, og kulturskulen si verksemd er forankra i Opplæringslova. Kommunale føringar for arbeidet innan kulturfeltet er vedtekne temaplanar og kommunedelplanar. I desse planane er *Den kulturelle skulesekken* (DKS), *Idrett og friluftsliv*, *kulturminneforvaltning* og *reiseliv* forankra. I løpet av 2023 blei eininga delt til *Vigdartun kultursenter* og *Eining for samfunnsutvikling* med avklart ansvar og arbeidsoppgåvefordeling. Arbeidet er kommen godt i gong frå 1.1.2023.

Eininga sine mål for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

Eit godt kulturtilbod er ein føresetnad for busetnad og trivsel i kommunen. Gjennom kulturskulen, Ung Sveio, ungdomsrådet, biblioteket og den kulturelle skulesekken får barn og unge eit breitt kultur- og aktivitetstilbod. Sveio kommune vil i samarbeid med lag og foreiningar, andre instansar og enkeltpersonar, vera med å gi innbyggjarane eit variert og kvalitativt godt kultur- og fritidstilbod. Frivillige lag og organisasjonar innan idrett og annan aktivitet med tilbod til barn og unge blir prioriterte i støtteordningar. Eininga har som mål innan folkehelse, -fysisk aktivitet for alle kvar dag. Det er av stor betydning å synleggjere verdien av lokale kulturminne og kulturmiljø, og bidra til god forvaltning av dei i samarbeid med eigarane.

I kva grad har eininga oppnådd dei måla ein hadde sett seg for 2022

Unge og vaksne har alle gjeremål på Vigdartun og det er viktig at alle føler seg godt ivaretatt. Gjennom ulike tiltak er det medverka til ein betre folkehelse. Det er eit mål at alle som har sin arbeidsplass på kultursenteret er godt synlege og grip inn om dei ser noko kritikkverdig, eller om nokon treng ekstra støtte. På Vigdartun kultursenter har det vore fokus på auka kjeldesortering gjenbruk og straum. Men det er viktig at barn og unge ikkje frys når dei utførar sine aktivitetar.

Sveio folkebibliotek skal vera ein tenesteytar til alle og er nominert som ein av ti i Vestland til årets bibliotek. Biblioteket skal følgja opp den teknologiske og mediamessige utviklinga.

Sveio kulturskule har konsertar på nett. Skulen har digitalisert delar av undervisninga ved å dele video og forklaringar, og ha kontakt med føresette på nett. I tillegg til at tiltaket er miljøvennleg aukar dette den digitale kunnskap til barn og unge, og kulturskulen kan vere meir tilgjengeleg for alle. Skulen har vore med på å gi tilbod om sommaraktivitetar for barn i skuleferien, «Sommarkarusellen».

Ung Sveio er eit viktig tiltak i høve til psykisk helse og aktivisering av ungdom, i tillegg har vi all aktivitet i idrettshall og aktivitetar i kulturskulen. Kommunen kjem signifikant betre ut enn landet på indikator som visar nøgd med treffstadar, Ungdata 2022 og ungdommane våre er meir nøgd med lokalmiljøet enn tidlegare. Likevel er det eit potensiale til å auke bruk av kultursenteret.

Det har vore aukande aktivitet på kulturvernfeltet i kommunen. Mange private eigarar ønskjer råd om bevaring og hjelp til å søkja tilskot til å ta vare på eigne bygningar. Kommunen administrer ei fylkeskommunal tilskotsordning som er viktig for å støtta opp under private eigarar av verdifulle kulturminne. Sveio er vertskommune for eit interkommunalt samarbeid om kompetanseheving på kulturmiljøfeltet, finansiert av Riksantikvaren (KIK Sunnhordland).

Fartein Valen 2022 var eit minneår for komponisten som døde i 1952. Festivalen blei ei større satsing enn tidlegare, noko som blei ein suksess. Bergen Filharmoniske Orkester med kor og solistar sett publikumsrekord i Vigdartun idrettshall. Konserten blei ein folkefest i Sveio saman med fleire dei andre arrangementa som blei gjennomført både i Valestrand, Sveio og i Haugesund. Det blir arbeida med å greie ut

korleis eit «Fartein Valen arbeidet» kan sikras framover både med tanke på ein kulturscene og festivalar. Ein vil her sjå til Haugesund og andre for å få til eit samarbeid.

Spelemlidar bidrar til utbygging av ulike idretts- og aktivitetsanlegg, noko som er viktig både for organisert idrett og for å fremje eigenorganisert fysisk aktivitet og i eit folkehelseperspektiv. Arbeid med planlegging av badeanlegg, «nyskapande aktivitetsanlegg» og utbygging i Sveio golfpark har stått sentralt i arbeidet. DNT-hytter og Flokehyttene, som er bygd på Ryvardsneset i regi av Haugesund turistforening er særskild populære. Dei to dagsturhyttene Nipaståvo og Golfståvo er også mykje besøkt. Det er framleis stort fokus på tilrettelegging av turstiar i kommunen. Nye turstiar m.a. i tilknytning til etablering av Flokehyttene er etablerte. Kommunen er med i Friluftsrådet Vest si satsing «Telltur», eit særskild populært prosjekt med mogleg personleg registrering av over 100 turmål i 12 kommunar i regionen.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

Kulturvern: Samarbeid om oppfølging av kulturminneplan med m.a. Riksantikvaren, Vestland fylkeskommune og Sunnhordland Museum. Det blir arbeida med å finne ny form for samarbeidet med museet. Kommunane i Sunnhordland om kulturvernprosjekt.

Reiseliv: "Destinasjon Haugesund og Haugalandet" og "Samarbeidsrådet for Sunnhordland", Friluftsrådet Vest, diverse interkommunale fora.

Idrett og friluftsliv: Friluftsrådet Vest, frivillige organisasjonar, Vestland fylkeskommune

Kulturskule: Haugesund, undervisning strykeinstrument. Kulturskular i Hordaland gjennom Norsk kulturskoleråd Vestland. FOS-kulturskulegruppa om rammeplan, kurs m.m. Frivillige organisasjonar om dirigenttenester.

Bibliotek: Samarbeidsavtale med 7 bibliotek i Sunnhordland, og partnerskapsavtale med Hordaland fylkesbibliotek.

Fartein Valen arbeidet: Det samarbeidas med Haugesund kommune og Fartein Valen Stiftelsen om festival for musikken, og familien Valen-Sendstad.

Andre: Valenheimen kulturscene om arrangement, Sveio frivilligsentral og ei rekkje frivillige organisasjonar

Økonomi

Netto driftsutgift	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik*
Kultur	8 131 267	10 084 885	9 901 718	183 167

* Pluss er meirforbruk og minus er mindreforbruk

To områder med stort meirforbruk: Fartein Valen med kr 266 225 som skuldast FV festivalen og Vigdartun med kr 187 366 som skuldast auka strømutgifter. Vi har klart å ta deler av dette inn på andre områder.

Organisasjon – tilsette og likestilling

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Kultur	7,4	14,0	7,0	7,0

Årsverk er pr. 31.12.2022 og gjeld for faste stillingar.

Sjukefråvær

Sjukefråvær %	2019	2020	2021	2022
Kultur	2,2 %	3,5 %	10,9 %	5,0 %

Det er arbeida godt med sjukefråvær og trivsel i eininga.

Hovudutfordringar 2023 Vigdartun kultursenter.

Det er ei utfordring å samordne dei ulike tenestene vi utføra. Eit mål er å gje eit breitt tilbod til barn og unge for å auka aktivitet på fritida. Tilbod ein skal gje er individuelt, anna saman og samtidig. I eininga er det eit mål at Sveio kulturskule og Sveio folkebibliotek skal samarbeida tettare og heilskapleg. Det kan vere ei utfordring å samordne dei tilsette og kompetanse på tvers for å auka kapasiteten og utnytte ressursane. Folkebiblioteket ønskjer å ha lesekampanje for barn, gjennomføre ulike kurs/workshops. I samarbeid med tilsette i skulane vil det vere eit mål å støtte lesestimuleringsstiltak, samlingspleie og kompetanseheving. Fartein Valen-arbeidet i Sveio kommune arbeider i 2023 med sattelittkonsertar. Det blir samarbeida med Haugesund kommune og Fartein Valen Stiftelsen om festival for musikken, og med familien Valen-Sendstad om m.a. bruk av Valenheimen. Involvering og samarbeid med Valenheimen kulturscene bør styrkas. Idrettshallen er mykje i bruk og ønskje om halltid er større enn det vi kan tilby. Der er likevel tider i veka der det er mogeleg å nytte seg av hallen.

Til hinder for auka aktivitet kan vere midlar, og at ein del utstyr begynner å bli slitt. Auka matvarepriser gjer også at dei tildelte midlane til Ung Sveio ikkje rekk så langt som tidlegare. For å få til meir variert aktivitet og tiltrekkje seg alle ungdommar, treng eininga ekstra midlar for å oppretthalde og utvikle ungdomstilbod. Dette kjem også fram i workshop med elevrådet i forbindelse med nyskapande aktivitetsanlegg som peikar på lite variert tilbod spesifikt retta mot ungdom og at aktivitet blir innskrenka grunna omsyn til yngre barn i skulegården.



Politisk

Tenester og oppgaver i avdelinga

Klargjere saker og gjennomføre møter for kommunestyre, formannskap og hovudutvala oppvekst/kultur, teknisk/næring og helse/omsorg. Andre møter som er gjennomført i løpet av året er eldreråd, råd for personar med nedsatt funksjonsevne, valutval og ungdomsråd.

Kode	Utval	Medlemmer	Møter	Saker
KOM	Kommunestyret	25	9	126
FOR	Formannskapet	7	16	156
KON	Kontroll- og kvalitetsutvalet	5	5	31
HHO	Hovudutval helse/omsorg	7	6	34
HOK	Hovudutval oppvekst/kultur	7	6	49
HTN	Hovudutval teknisk/næring	7	8	65
ELR	Eldrerådet	5	6	31
RNF	Råd for personar med nedsett funksjonsevne	5	5	27
KLIMA	Klimautvalet	10	1	2
EVU	Evalueringsutvalet	10	1	2
TSKA	Sakkunnig takstnemnd – eigedomsskatt	3	1	2
VUT	Valutvalet	10	1	3

Økonomi

Netto driftsutgift	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik*
Politisk	4 536 173	6 920 396	4 448 000	2 472 396
Val	226 675	8 757	0	8 757
Revisjon og kontrollutval	972 305	1 166 837	1 192 000	-25 163
Sum Politisk	5 735 153	8 095 990	5 640 000	2 455 990

* Pluss er meirforbruk og minus er mindreforbruk

Utgifter:


I hovudsak skyldes avviket utbetaling i samband med styreansvar for styremedlem i stiftinga Sveio Bufellesskap (kr 1.739.072,-) Videre er det utbetalt 37 verdibrev på 28.700,- i 2022. Totalt kr 1.061.900,-. Det var budsjetttert med kr 850.659, avvik på 211.241,-.

I tillegg er det avvik på godtgjersle til folkevalde, budsjetttert med 620.000, faktisk utbetalt 832.820, avvik på 212.820,-. Samt utbetalt overtid i forbindelse med folkeavrøysting, fylkesval kr 64.463. Dette var ikkje budsjetttert.

Oppvekst - skule

Tenester og oppgåver i rammeområdet

Skulane i Sveio gir tenester etter lov om grunnskole og vidaregåande opplæring (opplæringslova) med forskrifter. I rammeområdet inngår tre reine barneskular, eit oppvekstsenter, ein kombinert barne- og ungdomskule og felles skuleadministrasjon. Førde-, Valestrand- og Auklandshamn skular er fådelte. Alle skulane gir tilbod om skulefritidsordning (SFO). Sveio skule nyttar Vigdartun med folkebiblioteket og idrettshall saman med kulturskulen. Symjehallen ved Sveio skule vert nytta av barnehagar, skular og Haugesund svømmeklubb.



Elevtala tidlegare skuleår og inneverande skuleår går fram av Figur 1.

Elevframskrivinga (SSB - MMMM) viser at vi vil ha rundt 100 færre elevar i 2027 og rundt 200 færre elevar i 2035. På lang sikt er talet venta å stabilisere seg på rundt 650 elevar.

I 2022 var det 807 elevar i Sveioskulane.

Vaksenopplæring (VO) er knytt til Førde skule. Dei gir tilbod etter introduksjonslova. Vaksenopplæringa har auka frå 2 til 3 grupper for å få til ei god tilpassa norskopplæring, og det har vore elevar som har teke skriftleg og munnleg norskprøve, samfunnskunnskaps- og statsborgarprøven.

Eininga sine mål for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

Korleis gjer rammeområde skule i Sveio til ein god stad å bu?

Skulane i Sveio skal sikra at opplæringa opne dører mot verda og framtida, og gir elevane historisk og kulturell innsikt og forankring, i samarbeid og forståing med heimen. Gjennom inkluderande praksis og fokus på dei tverrfaglege emna i læreplanen knytt til demokrati og medborgarskap, folkehelse og livsmeistring og berekraftig utvikling, skal barna som veks opp i Sveio kommune bli godt rusta for å vere engasjerte borgarar i framtida. Tryggleik og trivsel i skulekvardagen skal vere fundament for godt læringsutbytte og utvikling.

Eit godt første møte med det norske språket og ei god vaksenopplæring er viktig for å få til god integrering. Skulane har aktive og interesserte FAU, SU, lag og foreningar som nyttar delar av skulebygga på fritida. Dette er med på å skape gode lokalsamfunn.

I kva grad har eininga oppnådd dei måla ein hadde sett seg for 2022

Kvalitet og læringsutbytte

Det er eit mål at alle elevar skal oppnå grunnleggjande ferdigheter og oppleve meistring og utfordring i skulen. I Kvalitetsutviklingsplan for 2021-2024 for barnehage og skule er satsingsområda språk, lesing og skriving som grunnleggjande dugleikar, inkluderande barnehage- og skulemiljø, betre tverrfagleg innsats (BTI) og arbeid med LK20 ut frå kunnskapsløftet, gjort gjeldande. Skulane er aktivt deltakande i dei ulike nasjonale kompetanseordningane gjennom desentralisert ordning og kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Medrårerett og godt partssamarbeid på skulane er ein viktig føresetnad for det faglege- og pedagogiske utviklingsarbeidet. Det blir arbeida gjennom skulebasert kompetanseutvikling for å utvikla profesjonsfellesskapet.

Gjennom kommunen sitt forsvarlege system (opplæringslova §13-3e) følgjer vi opp resultata frå dei nasjonale kvalitetsvurderingane. I Tilstandsrapporten analyserer vi læringsresultat, fråfall og læringsmiljø som legg grunnlaget for prioriterte satsingar og tiltak. Tilstandsrapporten syner at vi har ei svært positiv utvikling på mange område. Det er særleg interessant at skulebidraget går i positiv retning for alle trinn. Positive skulebidrag tyder på at vi har effektiv undervisning med godt læringsutbytte. Dei ulike resultata frå nasjonale prøvar finn ein i ny tilstandsrapport for 2022 som vil bli lagt fram politisk i mai 2023.

Ikt, digitale- og analoge læremiddel

Sveio kommune har ein til ein maskinar frå 3 klasse og oppover. Det er ei kontinuerlig evaluering av korleis kommunen sin ikt strategi skal oppfyllest og kor mykje elevane skal nytte digitale læremiddel og verktøy. I 2022 blei det gjort innkjøp av analoge læremiddel (lærebøker), samt digitale læreverk. I 2023 vil det bli vurdert å kjøpa inn digitale læreverk i fleire fag. Det vil vere eit mål for skulane i Sveio å vurdere fleire felles innkjøp slik at ein sikrar betre og likare opplæring og oppfylting av kunnskapsmåla innan skulane i kommunen.

Inkluderande og trygt læringsmiljø

For å få til gode elevresultat, må skulemiljøet vere trygt og inkluderande, og dei tilsette ha høg relasjonskompetanse. Skulane og SFO legg stor vekt på å skape eit læringsmiljø med nulltoleranse for mobbing, krenkingar og utestenging. I dette arbeidet nyttar vi mellom anna RESPEKT-, Super- og TL-program, og Sveio skule har MOT for ungdomstrinna. Det er og sterkt fokus på heim-skule samarbeid, og eit godt samarbeid med lag og organisasjonar.

Kartlegging og elevundersøking tyder likevel på at det er behov for å fortsette å arbeide med inkluderande praksis for å nå mål om at alle elevar skal oppleve seg som ein del av skulefellesskapet. Tema bli meir grundig presentert i tilstandsrapporten.

Skulane samarbeid med PP-tenesta og helsestasjonen for sikre inkludering og gode oppvekstvilkår for alle barn. Forsking tyder på at dei fleste elevar har mest nytte både med omsyn til fagleg og sosial utvikling, av å vera inkludert og ein del av fellesskapet. God kompetanse tett på elevane er av betydning. Som eit ledd i arbeidet med tidleg innsats er det fortsett fokus på å auka lærartettleiken, mellom anna ved bruk av to-lærarsystem. Samtidig har vi fokus på kompetanseutvikling innan begynnaropplæring og spesialpedagogikk.

Sveio kommune arbeider etter handlingrettleiaren i BTI. BTI har som mål å sikre overgangar og heilskap i innsats overfor barn, unge og familiar det er knyta uro til. Samarbeidsmodellen inkluderer alle tenester som arbeider med barn og unge, og blir her lokalt koordinert frå skule- og barnehagekontoret.

Gjennom folkehelseprosjektet Hallo! Adjø! er vi på veg til å etablere tydelege møtepunkt for å ivareta god overgang mellom barnehage og skule. Tiltaka må vi sjå til for å sette i verk tiltak for andre overgangar. Vi har og tilsett ungdomslos hausten 2022, som skal bidra til å sikre overgangar og fråfall i vidaregåande skule.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private


Skulane i Sveio har tett samarbeid med kommunane i Sunnhordland gjennom «Forum for oppvekst i Sunnhordland» (FOS). FOS er administrert frå Sveio og organisert under rammeområdet skule. Andre samarbeidspartar er Haugaland skule og arbeidsliv, Statsforvaltaren og Utdanningsdirektoratet. I innføring av BTI samarbeider kommunen med alle kommunar i Sunnhordland (FOS) og på Haugalandet, Korus-Stavanger/Bergen og Helse Fonna. Vi samarbeida med Haugesund og Utsira kommunar om PP-tenester, og med SAPT Vestland om syns- og audiopedagogtenester. Sveio har i 2022 eit samarbeid med RKB, Napha, Statsforvaltar mfl. om planprosess for førebyggjande plan for barn og unge.

Økonomi

Netto driftsutgift	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik*
Oppvekst – Skule	100 472 237	106 178 719	101 203 147	4 975 572

Rekneskaperen viser eit meirforbruk i 2022 på i overkant av 4,9 MNOK. Av dette er over 2,3 MNOK meirforbruk på fast løn og fast løn lærar. Ytterligare kr 0,7 MNOK er koronarelaterte utgifter. Over 2,3 MNOK er meirforbruk på straum på skulane.

Tilgjengelege ressursar til kvar skule er knappe. Det er krevjande når det oppstår nye utfordringar gjennom året knytt til ekstra tilrettelegging i samband med spesialundervisning eller § 9a-4 i opplæringslova. For å løysa utfordringane kravs det ofte ekstra ressursar. Det er 9,4 % av alle elevar i Sveioskulen som får tilbod om spesialundervisning. Dette er ei svak auka frå førige år, og omlag 1,5 prosentpoeng høgare enn snittet for landet. Elevar med særskilte behov kan få tilbod i gruppe, i eigen avdeling og ved «loftet» på Sveio skule. Sveio kommune har nytta Straumøy gård som alternativ opplæringsarena. I 2022 er det 7 elevar som har fått tilbod på alternativ opplæringsarena.



Netto driftsutgifter per innbyggjar i alderen 6-15 år for heile grunnskulesektoren er framleis lågare enn samanlikningsgruppene. Også utgiftene til grunnskule isolert sett er lågare enn KOSTRA-gruppe 1 og Vestland. Kommunen har høge utgifter knytt til skuleskyss. Årsaka er ein kombinasjon av lange avstandar og farlege skuleveggar. Utgifter til skuleplass i andre

kommunar som følgje av barnevernstiltak og val av privatskule, er og høge. Dette er utgifter rammeområdet har lite påverknad på og som vil venta å auke. Auke i utgifter på desse områda førar diverre til reduksjon i ressursar til ordinær opplæring.

Elevar som gjennomfører vaksenopplæring kan søkje om grunnskuleopplæring. Sveio kommune gir tilbod om opplæring ved kjøp av tenester frå Breidablik læringssenter i Haugesund. Skuleåret 2022/23 får 5 elevar frå Sveio tilbodet.

Organisasjon – tilsette og likestilling

Tal frå Udir.no for 2022-23

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Skuleområdet samla	80	96	76	20

Skulane arbeidar kontinuerleg med å sikra god kvalitet og til ein kvar tid ha godt kvalifiserte lærarar. Vi nyttar oss av nasjonale ordningar for vidareutdanning av lærarar. Skuleåret 2022/23 deltar 13 lærarar i vidareutdanning i ordninga Kompetanse for kvalitet. Mest 100% av undervisninga skuleåret 2022/2023 blir gjeven av lærarar som oppfyller kompetansekrava for tilsetjing og undervisning i undervisningsfag jf.opplæringslova §§ 10-1 og 10-2.

Sjukefråvær

	2019	2020	2021 u/korona	2021	2022 u/korona	2022
Auklandshamn	17,2	12,3	14,9	15	4,3	4,3
Førde	2,2	1,6	3,2	3,3	8,9	8,9
Sveio	6,9	7,5	5,3	5,6	7,2	7,8
Valestrand skule	3,4	9,7	1,8	1,9	2,4	2,7
Vikse skule	8	6,9	10,5	11	7	7,9

Tre av skulane har eit sjukefråvær som ligg over den kommunale målsettinga for 2022 på lågare enn 6,5 %. Det koronarelaterte fråværet har ikkje vore så høgt. Sjukefråværet kan ha samanheng med lengre sjukemelding for enkeltpersonar som gir store utslag i små einingar med få tilsette. Langtidsjukefråværet gjev kommunen ei utfordring med å halda ei jamn og god drift ved skulane. Det kan vere utfordringar knytt til uforutsette utgifter til vikar og utfordringar med å få tak i kvalifisert arbeidskraft (vikarar). Utstrakt bruk av ufaglærte vikarar kan bli ei utfordring for kvaliteten på undervisninga.

Hovudutfordringar 2023

Å sikra ei forsvarleg drift innan tildelt økonomisk ramme, - god utnytting av ressursane til beste for opplæringa i klasserommet, har hovudfokus. Her under sikre;

- til ein kvar tid å ha nok og god kompetanse
- kvalitet på den ordinære undervisninga
- oppfølging av elevane sånn at alle elevane får ei tilpassa opplæring
- at elevar med vedtak om spesialundervisning blir inkludert i fellesskapet

Det krev kompetanse om pedagogisk leiing for å drive god systematisk skulefagleg utvikling. Det er viktig at vi har ressursar til å bygge kapasitet i organisasjon slik at vi sikra god leiing, og god kvalitet i kompetanseutviklingsarbeidet. Det bør settas av midlar til systematisk arbeid med implementering av LK20 og satsing på utvikling av eit gode læringssfellesskap gjennom mellom anna skulebasert kompetanseutvikling. Det er krav om eigeninnsats i dei ulike kompetanseordningane. Tildelte ressursar vil ikkje dekke leiing av slike utviklingsarbeid som skal gjelde i eit partnerskap mellom kommunar, PP-tenesta og undervisningssektoren (UH her repr. med HVL).

Vi må stadig vurdere Ikt-strategien sånn at den er forskningsbasert og vurdert ut frå erfaringar frå Sveioskulen. Det kan vere ei utfordring med nok ressursar til ei raskare fornying av digitale- og analoge læremiddel og verktøy i tråd med LK20.

Psykisk helse blant barn og unge er et viktig innsatsområde både nasjonalt og lokalt. Helse Fonna sitt inntak av barn og unge med utfordringa frå Sveio viser at vi har eit auka behov for kompetanse tett på barnet, ressursar til kartlegging og til gode tiltak framover. Vi har fleire gode tiltak for barn og unge i Sveio. Kartlegging av kommunedata som gjennomførast i arbeid med oppvekstreforma vil vise vår ressursutnytting, tverrfagleg samarbeidsevne og utfordringsområder, -kva for tiltak vi bør gi for å arbeide førebyggjande for å nå målgruppa. Vi har motteken tilskot til arbeid med psykisk helse i skulen i 2021/2022. Midla vert nytta til «Loftet - ei trygg hamn» ved Sveio skule. Tiltak er det ikkje nødvendige ressursar til framover.

Det er utfordrande for dei fådelte skulane å finne gode løysingar for klassedeling og god bruka av ressursane dei har i klasseromma. Det er eit mål å få til god tilpassa opplæring, men det kan vere utfordrande når fleire trinn går saman og spennet i høve nivå er stort.

Vi skal organisera og gi tilbod om 12 timar gratis kjernetid i SFO for elevar på 1. og 2.trinn frå hausten 2023. Ei god skulefritidsordning som blir utvikla i tråd med rammeplanen, er særskild viktig om vi skal nå måla i kommuneplanen sin samfunnsdel. Det er og viktig at SFO har så god kvalitet at ho blir sett på som eit godt og attraktivt tilbod for alle barn i Sveio.

Sveio kommune har ein ungdomsskule. Det er ei utfordring at tal elevar som søker seg til private ungdomsskular i andre kommune aukar. Vi må arbeide aktivt for å synleggjere ein attraktiv ungdomsskule med god kvalitet for å snu denne trenden. Kommunen må følge tilrådingar i rapport om skulebruksplan 2021 for utbetring av skulebygg og sørge for at det blir lagt til rette for spesialiserte læringsareal der det er trong for det.

Trafikksikring og tryggare skuleveg krev at vi arbeidar systematisk, saman med Teknisk område, med å identifisere trafikksikringstiltak. Målet på sikt er å redusere utgiftene til skyss og gi elevane våre tryggare skulevegar.

Oppvekst – barnehage

Tenester og oppgaver i avdelinga

Sveio kommune har tre kommunalt - og fem privat eigde barnehagar. Kommunen er såleis både eigar av tre barnehagar og barnehagemynde for åtte barnehagar. Barnehagelova stiller krav til barnehageeigar for å sikra eit barnehagetilbod av høg kvalitet. Barnehagane skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og lek, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Som barnehagemynde skal kommunen sjå til at alle barnehagane i Sveio vert drivne i samsvar med regelverket. Dette via rettleiing, risikovurdering og tilsyn. Barnehagemynde fattar vedtak om spesialpedagogisk hjelp, tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne, teiknspråkopplæring, ASK og skyss. Denne hjelpa vert gjeven av ressursteam – førskule, som består av spesialpedagogar, miljøarbeidar og logoped.

Per 15.12.22 gjekk det 305 barn i Sveiobarnehagane, dette fordelt på 8 barnehagar. 92 av desse har plass i kommunalt eigde barnehagar, medan 213 barn har plass i privat eigde barnehagar. Sveio krins er det største krinsen med 141 barn. Vikse krins held stabilt barnetal med 101 barn, medan Førde krins har 45 barn og Valestrand krins har 17 barn.

Eininga sine mål for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

Dei kommunale barnehagane jobbar strukturert og målretta med å skapa eit godt pedagogisk miljø som gir kvart barn gode utviklings- og opplæringsmoglegheiter i nær forståing og samarbeid med heimen. Barnehagane har ein raud tråd frå lov og rammeplan, kommunale planar og til barnehagen sine planar. Dette for å sikra eit godt pedagogisk innhald som tek i vare barns individuelle utvikling og barnegruppa sine behov. Barnehagane jobbar systematisk med satsingsområda i kvalitetsutviklingsplanen. Sveio og Førde barnehage er i dette arbeidet med i Rekomp (regional ordning for kompetanseutvikling) og samarbeider i partnerskap med NLA. Målsettinga er at barnehagen er ei pedagogisk verksemd som gir barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. Det inneber at verdigrunnlaget til barnehagen vert formidla, praktisert og opplevd i alle deler av det pedagogiske arbeidet. Styrar og pedagogane sikrar at barnehagen er ei pedagogisk verksemd gjennom å planleggje, gjennomføre, dokumentere og vurdere arbeidet med barnegruppa og enkeltbarnets utvikling. Innhaldet i barnehagen er forankra i rammeplanen og er allsidig, variert og tilpassa enkeltbarn og barnegruppa og roller og ansvar knytt til to-pedagogane og det øvrige personalet er avklart. Pedagogiske leiarar sikrar at dei har system, kompetanse og handlingskompetanse som varetar barnas behov for omsorg. Barnehagane jobbar etter BTI modellen, som skal sikra medverknad, det tverrfaglege arbeidet og syte for tidleg innsats og rett hjelp til rett tid.

I kva grad har eininga oppnådd dei måla ein hadde sett seg for 2022

Det pedagogiske innhaldet tek utgangspunkt i overordna planar for satsingsområda i Sveio kommune. Dei kommunale barnehage jobbar målretta med å utvikle det pedagogiske innhaldet i barnehagane. Ein har fokus på å utvikla barnehagen på systemnivå, slik at planar, innhald, val av metode og personalet si forståing for arbeidet, går som ein raud tråd i arbeidet. Arbeidet sikrar at vi har eit godt pedagogisk innhald som tek i vare barns individuelle utvikling og barnegruppa sine behov. Kommunikasjon og språk er integrert på lik linje med den autoritative vaksenrollen, men treng kontinuerleg vedlikehald. For å få til eit trygt og inkluderande barnehagemiljø har barnehagane mellom anna arbeidd med tryggleiksirkelen, forstå barnet innanfrå, og leggje til rette for at kvart enkelt barn skal oppleve ein trygg og god barnehagekvardag. I samarbeidet med NLA arbeider me vidare med pedagogisk leiing og styrking av pedagogrolla.

Arbeidsmiljø og sjukefråvær vert kontinuerleg arbeidd med. Barnehagen driv eit kontinuerleg utviklingsarbeid som personalet er ein aktiv del gjennom refleksjon, utarbeiding av konkrete målsettingar og tiltak og evaluering av eksisterande praksis.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

Barnehagane i Sveio har tett samarbeid med kommunane i Sunnhordland gjennom «Forum for oppvekst i Sunnhordland» (FOS). FOS er administrert frå Sveio. Andre samarbeidspartar er Statsforvaltaren, Utdanningsdirektoratet, vidaregåande skular, Sveio ungdomsskule, HVL, NLA, Opero og NAV. I samband BTI samarbeider kommunen med alle kommunar i Sunnhordland (FOS) og på Haugalandet, Korus Stavanger/Bergen og Helse Fonna. Vi samarbeida med Haugesund og Utsira kommunar om PP-tenester, og med SAPT Vestland om syns- og audiopedagogtenester. Sveio har i 2022 eit samarbeid med RKBU, Napha, Statsforvaltar mfl. om planprosess for førebyggjande plan for barn og unge.

Økonomi

Netto driftsutgift	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik
Oppvekst barnehage	26 783 091	26 783 379	25 024 547	1 758 832

Totalt har oppvekst-barnehage eit meirforbruk på 1,7 MNOK. I underkant av 430.000kr er koronarelaterte utgifter. Barnehagane har eit meirforbruk på kr 118.000.

Barnehage administrasjon har eit meirforbruk på rett under 1,25 MNOK. Av dette er utgifter til barnehageplass i andre kommunar for barn busett i Sveio 0,8 MNOK over budsjett. Det gjeld ikkje så mange barn, men utgiftene er høge (følgjer nasjonale satsar). I tillegg har vi færre barnehageplassar i Sveio som blir finansiert av andre kommunar. Dette er utgifter og inntekter som er lite føreseielege og vanskeleg å planleggje.

Organisasjon – tilsette og likestilling

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Ressursteam	7,7	9	9	0
Sveio barnehage	8,78	13	11	2
Førde barnehage	12,08	16	15	1
Valestrand oppvekstsenter, avd bhg	5,21	8	7	1

Det er ei sterk overvekt av kvinner som arbeider i barnehagane. Fleire menn vil kunne føre til ein jamnare kjønnsbalanse samt gi ulike rollemodellar for barna som går i barnehagane. Det er tilsaman 12 pedagogiske leiarar tilsett i dei kommunalt eigde barnehagane.

Sjukefråvær

Sjukefråvær %	2019	2020	2021	2022
Ressursteam	13,7	11,1	7,3	4,1
Førde barnehage	16,4	18,1	12	11,9
Sveio barnehage	13,1	24,0	16,6	16,3
Valestrand oppv.	3,0	10,5	0,9	5,3

Valestrand oppvekstsenter har eit stabilt, lågt sjukefråvær. Sveio barnehage har klart å redusera sitt sjukefråvær, sjølv om det framleis er høgt grunna langtidssjukemeldingar.

Førde barnehage har gjennom året hatt eit sjukefråvær på 11.9 %, inkludert koronafråvær. Det er spesielt hausten 2022 som har vore eit stort sjukefråvær- likt som over heile landet. Barnehagane har jobba aktivt med å få ned sjukefråværet gjennom oppfølging av den sjukemelde. Dei legg til rette for grader friskmelding, har jamlege oppfølgingsmøter og tilpassingar så langt det lar seg gjere.

Hovudutfordringar 2023

Kvalitetsutvikling: Barnehagane arbeider vidare med satsingsområda i kvalitetsutviklingsplanen og med Rekomp (Regional ordning for kompetanseutvikling). Dei kommunale barnehagane skal nytta felles malar og årshjul som sikrar planlegging, gjennomføring, dokumentasjon og vurdering av det pedagogiske arbeidet.

Fallande barnetal og sikring av barnehageplassar: Talet på barn i barnehagealder har vore fallande sidan 2015. Det gjekk 305 barn i Sveio-barnehagane i 2022. Det er venta nedgang i barnetalet fram til 2025 (SSB), og det blir derfor viktig for kommunale barnehagar å forsette med å tilby barnehagetilbod av god kvalitet, og slik vere attraktiv når føresette veljar barnehageplass. Sveio kommune har plikt til å sikra barnehageplass ved hovudopptaket til alle søkjarar som har rett på barnehageplass. Frå 15.8.2023 vert Bråtveit natur- og kulturbarnehage lagt ned. Det inneber den samla kapasiteten barnehageplassar i Sveio kommune vert redusert.

Rekruttering av vikarar: Det er svært krevjande å få tak i vikarar i dei kommunale barnehagane. Dette er ei utfordring i ein sektor med høgare sjukefråvær enn det som elles er vanleg. Fast tilsette vikarar vil kunne løyse noko av denne problemstillinga, sikre kontinuitet og stabilitet i barnehagane. Det er også førebyggjande og kan vere med på å redusere sjukefråvær. Ved å gjere dette, legg ein til rette for ei meir robust drift, som kan tole fråvær betre og ikkje gje eksisterande personalet stor slitasje ved langvarig sjukdom.

Trong for oppgradering av bygningsmassane: Dei kommunale barnehagane har ein bygningsmasse som er prega av slitasje og treng utskifting og oppgradering. Sveio barnehage får nytt bygg. I Førde barnehage treng å investere i litt dyrare utstyr. Eininga er slitt og treng oppussing og modernisering inne. Barnehagen vil i løpet av første halvår, få ordna uteområdet på framsida, slik at overvatn kjem i røyr, og leikeplassen blir utbetra. Barnehagen vil også få rehabilitert avdelingskjøkkene på alle avdelingane, slik at barnehagen vil bli i stand til å servere alle måltid frå oppstart nytt barnehageår august 2023.

Helse og rehabilitering med fellestenester

Tenester og oppgaver i avdelinga

Helse m/fellestenester består av eit mangfald av tenester: helsestasjon- og skulehelseteneste, jordmorteneste, fastlegeteneste, kommunale legetenester, legevakt, psykisk helseteneste, tenester til rusmisbrukarar, butiltak for vanskelegstilte, fysio- og ergoterapiteneste, hjelpemiddel og frisklivstiltak. Tenestekontor (bestillarfunksjon for pleie- og omsorgstenester i kommunen) høyrer og til i rammeområdet. Kostnader knytt til interkommunalt arbeid som t.d. Krisesenter, felleskostnader som pasientskadeerstatning, forsikringsoppgjer for pasientar i utlandet m.m., FOU-samarbeid, valdtekstmottak og fordelte sekretærutgifter for Samarbeidsutvalet Helse Fonna – kommunar er og del av rammeområdet.

Eininga sine mål for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

Rammeområdet skal gi viktige bidrag til innbyggjarane i Sveio si helse innfor alle aldersgrupper, frå førebygging og helsefremjande arbeid til rehabilitering og habilitering. Gjennom fokus på service, fagleg kompetanse og kvalitet skal alle tilsette i eininga bidra til at Sveio kommune er ein god stad å bu. Området bidrar elles, både internt i kommunen og eksternt i diverse samarbeidsfora, til planleggings- og utviklingsarbeid.

I kva grad har eininga oppnådd dei måla ein hadde sett seg for 2022

I første halvår av 2022 har drifta ved eininga i stor grad framleis vore påverka av pandemien. Siste halvår av 2022 har eininga brukt til å normalisera drifta igjen. Einskilde tenesteområder har nok i større grad merka etterverknadane av pandemien enn andre. Dette gjeld spesielt innan psykisk helseteneste og tildels skulehelsetenesta, kor den psykiske uhelsa i befolkninga bl.a. grunna pandemien har ført til eit massivt press på tenestene.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

Samarbeidspartane lista opp i det følgjande gjeld for samtlege rammeområde innfor Helse og omsorg; Krisesenter Vest IKS, Interkommunalt valdtekstmottak – i samarbeid med Helse Fonna, Legevaktsamarbeid med Tysvær, Bokn, Karmøy, Haugesund og Utsira, Syns- og audiopedagogisk samarbeid – Hordaland fylkeskommune og andre sunnhordlandskommunar, Rehabiliteringsteneste – Rogaland og Hordaland via helseføretak, samarbeid om forskning og utvikling (FOU) med HSH, Helse Fonna og øvrige kommunar innfor helseregionen, avtale om pasientlogistikk/hospitering – somatikk og psykiatri – Helse Fonna, samarbeid med HSH utdannings- /praksisløp for sjukepleiestudentar, samarbeid med v.g.s. og fagopplæringskontor samt AOF og div høgskular/universitet om lærlingeordning og andre utdanningsløp.

Kommunen har i 2022 kjøpt desse tenester/tiltak:

- Helsestasjon for ungdom i Haugesund
- Fysioterapi / timar i varmebasseng – Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus

Økonomi

Netto driftsutgift	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik*
Helseavdeling med fellestenester	34 374 524	38 211 329	30 805 838	7 405 491

Organisasjon – tilsette og likestilling

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Helse m/fellestenester	34,4	40,0	33,0	7,0


Sjukefråvær

Sjukefråvær %	2019	2020	2021	2022
Helse m/fellestenester	5,0 %	3,2 %	4,7 %	4,6 %

Rekneskapen for 2022 visar eit meirforbruk på 7,4 mill. kr. Orsaka til det høge meirforbruket er fleire, kor utgifter direkte knytt til pandemien utgjer den største summen (rett i underkant av 3 mill.). Eininga har og hatt i overkant av 2 mill. i utgifter til vikarlegar i 2022, samt at utgiftene til interkommunalt legevaktsamarbeid blei vel 1. mill. høgare enn budsjettet. I løpet av 2022 blei det heilt fullt på kommunen sine samla fastlegelister, noko som har ført til høgare utgifter til fastlegetilskot (som utbetalas per. Capita). Vidare har eininga og hatt ekstraordinære utgifter knytt opp mot innløyising av fysioterapiheimlar og reduserte refusjonsinntekter i øve ressurskrevjande tenester.

Hovudutfordringar 2023

Generelt for eininga vil ein av hovudutfordringane for 2023 vere å stabilisera og nivåjustera tenestene etter pandemien og følgjene av pandemien. Ein annan utfordring vil vere å ta del i den stadig aukande digitaliseringa, kor eksempelvis Digi-helse og Kjernejournal skal implementeras i løpet av året. Vedrørande digitalisering vil ein og ha ein utfordring når det gjeld oppdatering og konvertering av journalsystem på dei kommunale legekontora. Den kanskje viktigaste og største utfordringa for eininga i 2023 vil vere å bidra til det arbeidet som kommunen skal gjere i høve «oppvekstreforma», kor ein er deltakande i analyse- og planarbeid kring kommunen sitt arbeid med førebygging og tidleg innsats.



Pleie og omsorg

Tenester og oppgåver i rammeområdet:

Eininga gir medisinsk- og sjukepleiefagleg hjelp til pasientgrupper med ulike behov på Omsorgssenteret og i heimen. Eininga gir rehabiliteringstilbod til pasientar etter brot, slagtilfelle, hjarteskjukdom m.m., samt gir palliativ (lindrande) behandling i livet sin slutfase i institusjon og/eller i heimen. Det vert og lagt til rette for livskvalitet og aktivitet for langtidspasientar, med høve til individuelle val og privatliv. Eit godt aktivitetstilbod på dagsenter til ulike brukargrupper er viktig, og gis i og utafor institusjonen 5 dagar i veka.

Eininga organiserar ombringing av varm middag til heimebuande, har BPA (brukarstyrt personleg assistent), gir omsorgsløn, utførar fakturering av eigenbetaling for opphald, har middagssal, yt praktisk bistand, organiserar dagopphald og samt andre aktuelle tenester.

Rammeområdet er regulert av Helse og Omsorgsteneste lova, Lov om pasient og brukar rett, Forvaltningslova m.m

Eininga sine mål for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

Grunnleggjande verdi for eininga er å ha respekt for det einskilde menneske. Brukarane skal kunne bu lengst mogleg heime på ein trygg og god måte. Heimetenesta skal ytast på ein slik måte at brukaren opprettheld, eller betrar funksjonsnivå så langt som mogleg. Før varige hjelpetak vert etablert skal tilrettelegging av bustad, velferdsteknologi ol. vera prøvd eller vurdert. Brukarmedverknad, eigenomsorg og aktivitet vert vektlagd i einingane. Alt samarbeid med pårørande skal vera dynamisk og respektfullt. Tverrfagleg samarbeid med fysio/ergo tenesta og Tenestekontoret for å finne gode løysingar for den einskilde brukar sitt behov er viktig. Kvalitetssikring av tenestetilbodet skal vera ein kontinuerleg prosess. Eininga skal auke jobbnærvær/redusera fråvær ved fokus på tilrettelegging og moglegheiter i staden for avgrensing. Heimetenesta har gått over til el-bilar i 2022.

I kva grad har eininga oppnådd dei måla ein hadde sett seg for 2022

Tenesta vil gjennomføre planlagde samtalar 2 gonger pr.år med brukarar og pårørande i langtidsavdelingane. Det vil bli lagt til rette for arbeidet slik at seniorar kan fortsetje i arbeid til pensjonsalder, samt at gravide arbeidstakarar kan stå i jobb under svangerskapet. Einingane har hatt fokus på implementering av LEAN, samt drift og implementering av velferdsteknologi. Brukarane kan bu lenger heime, ved auka bruk av avlastning- og vekselopphald og dagsenter. Det er oppretta Helsestasjon for seniorar samt Hukommelsesteam som førebyggjande tiltak. Det er gangsatt prosess for å sjå oppgåvedeling på tvers av einingane for betre ressursutbytte for framtida.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

Einingane samarbeider med HVL og AOF. Heimetenesta har samarbeid om BPA tenester frå MIO.

Tjenester	Tenestemottakarar		
	2020	2021	2022
Heimesjukepleie	187	171	143
Heimehjelp	74	83	57
Tryggleiksalarmar	101	103	110
Korttidsopphald	123	119	113
Langtidsopphald	38	47	48
BPA	1	1	1
Omsorgsløn	4	4	4
Dagtilbod	30	54	44

Økonomi

Netto driftsutgift	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik*
Pleie og omsorg	61 819 199	71 364 136	58 664 195	12 699 941
* Pluss er meirforbruk og minus er mindreforbruk				

Meirforbruk er knytt til løn. Høg utgift på overtid for å sikra forsvarleg drift i vakante stillingar og høgt sjukefråvær. Ekstraordinær overtidssordning grunna Korona fram til mai. Ekstravikar innleige for å ivareta auka tenestebehov totalt årsverk 3,3. Høge strømutgifter og auka prisstigning som ikkje var budsjettetert for.

Organisasjon – tilsette og likestilling

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Pleie og omsorg	72,9	119,0	114,0	5,0
Lærlingar	5,0	5,0	3,0	2,0

Sjukefråvær

Sjukefråvær %	2019	2020	2021	2022
Pleie og omsorg	14,3 %	9,5 %	11,9 %	13,8 %

Langtidsfråvær er fortsatt aukande. Sveio Omsorgsenter har hatt noko lågare fråvær. Heimetenesta har starta samarbeid med NAV arbeidslivssenter haust 2022 for å vurdere tiltak. Fråvær knytt til Covid-19 er også noko av årsaka.

Hovudutfordringar 2023

Størst er utfordring med å rekruttere nødvendig kompetanse for å sikra at einingane er robuste i drifta og er ein attraktiv arbeidsgjevar. Det vil hindra press på tilsette og gje gode tenester til innbyggjarane i Sveio kommune. Prognosar frå KLP fortel at det vil bli eit knapphets gode med sjukepleiarar og vernepleiarar i nær framtid, og det er og allereie erfaringa. Komplekse behandlingsoppgåver gjer at det er fagleg meir spenn i arbeidsoppgåvene tilsette utfører no enn før. Med auka fokus på at brukarar skal kunne bu lengre i eigen heim, skjer det store endringar i drifta til Heimetenesta. Auka tenesteomfang sidan september 2022 på 50% i direkte hjelp til brukarane. Helsetenester knytt til brukarar med demens er i sterk vekst, og det er utfordrande å gje forsvarlege tenester i heimen over tid. Dette vil auke presset på plassar for personar med demens på omsorgssenteret. Skal ein klara å betene behova for tenester framover, så må ein inn og vurdere andre tiltak som kan vera med på å ivareta brukarane heime. Pasientane på institusjon krev tettare oppfølging, som følgje av at dei er sjukare og har større/anna hjelpebehov enn før. Tenesta skal legge til rette for forsvarleg drift i eininga knytt til brukarar som krev ekstra bemanning grunna store åtferdsutfordringar og fare for utagering. Med den ramma eininga har i dag, har ein berre midlar til å drifte 33 plassar. Det er og eit behov for å auka opp kapasitet på spisskompetanse i rammeområdet. Kompetansebygging og opplæring vil krevje mykje av eininga for å kunne bygge og oppretthalde tenestekvalitet. Å implementere velferdsteknologi som teneste og verkty for de tilsette vil ha fokus og er ressurskrevjande i rammeområdet.

NAV med flyktningavdeling

Tenester og oppgåver i avdelinga

NAV Sveio skal gi menneske moglegheiter og få fleire i arbeid og aktivitet. Eininga gir råd og rettleiing med mål om at personar skal skaffe eller behalde arbeid. Eininga gir hjelp og støtte til dei som er i ein økonomisk og sosialt vanskeleg situasjon.

NAV Sveio er eit partnerskap mellom Sveio kommune og NAV Vestland (Arbeids- og velferdsetaten). Eininga gir tenester etter lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga, lov om arbeids- og velferdsforvaltninga, lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid.

Eininga sine mål for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

NAV Sveio set seg mål om å gi menneske moglegheiter. Ved at fleire kjem i arbeid og aktivitet, vert færre avhengig ytingar. Arbeid er helsefremmande for dei aller fleste. Det betrar levkåra og forebygger fattigdom. Saman finn me løysingar for dei som treng det mest.

I kva grad har eininga oppnådd dei måla ein hadde sett seg for 2022

Det har vore nok eit år med stor aktivitet i arbeidsmarknaden og låg arbeidsløyse. NAV Sveio har fleire gode dømer på samarbeid med arbeidsgjevarar, som har ført til jobb for personar som sto utanfor arbeidslivet. Eininga har særleg gode resultat å visa til for ungdomar som kjem i arbeid.

Eininga har gjort eit systematisk arbeid med eigenvurderingar og kvalitetssystem. Forbetringsarbeid er gjort for å auke kvaliteten på brukarmøte og oppfølging. Det viser seg i blant anna kartleggingar, vurderingar og aktuelle tiltak som skal hjelpe den einskilde på best mogleg måte.

NAV Sveio har også måtte omstille seg på kort tid etter krigen i Ukraina og flyktningssituasjonen den skapte. Eininga har effektivt styrka og bygd opp att flyktningtenesta si. I 2022 busette kommunen 35 nye flyktningar. Saman med andre einingar, frivillige og andre sørger tenesta for at flyktningane blir integrert i lokalsamfunnet.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

NAV Sveio tar ei aktiv rolle i samarbeid med andre einingar i kommunen, til dømes gjennom samarbeidsgrupper for barn og unge, frivillige og bustadsosialt arbeid. Eininga har eit etablert samarbeid med utdanning- og helsesektor.

Eininga er ein del av NAV region Sunnhordland, og samarbeidar tett med dei fem andre NAV-kontora i regionen.

Økonomi

Netto driftsutgift	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik*
NAV med flyktningararbeid	12 542 703	12 280 277	10 101 426	2 178 851

* Pluss er meirforbruk og minus er mindreforbruk

Organisasjon – tilsette og likestilling

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
NAV	10,5	11,0	8,0	3,0

Eininga har 6,7 kommunale årsverk og 3,8 årsverk som er statlege.

Sjukefråvær

Sjukefråvær %	2019	2020	2021	2022
NAV	9,8 %	5,2 %	7,2 %	6,4 %

Hovudutfordringar 2023

Hovudutfordringa i året som kjem er å sørge for at fleire av dei som treng mest hjelp kjem i arbeid. NAV Sveio må saman med dei finne løysingar som sørger for ei varig og stabil tilknytning til arbeidslivet. Det må sikrast gode samarbeid med arbeidsgjevarar og effektiv bruk av arbeidsretta tiltak.

Eininga forventar at fleire personar og familiar får ein vanskeleg økonomisk og sosial situasjon. Eininga må vera godt nok førebudd på større pågang og hjelpebehov. Dei som har vanskar må få hjelpa dei treng. Det er i utfordring å gjere eininga sine tenester betre kjent for andre einingar, lag og organisasjonar.

Eininga førebur seg på at den uforutsigbare flyktningssituasjonen held fram. Nye flyktningar skal busettast og integrerast i kommunen. Samstundes er det fleire busette flyktningar som vil fullføra introduksjonsprogram i året som kjem. Det er ei prioritering og utfordring for eininga å sørge for at så mange som mogleg kjem i arbeid eller utdanning i løpet av året.



Barneverntenesta

Tenester og oppgåver i avdelinga

Barneverntenesta skal arbeide førebyggjande for å hindre vekst av sosiale vanskar og omsorgssvikt, samt hindre utilsikta flyttingar av barn frå heimen. Dette vert gjort ved å gje tilbod om tiltak etter Lov om barneverntenester om det er trong for det, samt ved å arbeide saman med andre instansar til det beste for barna.

I løpet av 2022 mottok tenesta 96 meldingar.

Pr 31.12. fekk 25 barn hjelpetiltak medan dei budde heime, 10 barn er plassert i fosterheim (2 frivillig plassert), 2 ungdommar i institusjon og 3 ungdom over 18 år får oppfølging i eigen bustad. I tillegg har tenesta ansvar for tilsyn for alle barn plassert i fosterheim i kommunen. Pr. 31.12. hadde tenesta ansvar for tilsyn knytt til 18 barn i fosterheimar i kommunen.

Eininga sine mål for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

Barneverntenesta skal levera forsvarlege tenester til brukarane og tilstreba beste praksis. Dette inneber fokus på å overhalde fristar for sakshandsaming, praktisering av godt barnevernfagleg skjønn, ha tiltak som virka, arbeida mot å styrka det tverrfaglege samarbeidet både internt i kommunen og eksternt, samt leggja til rette for brukarmedverknad i alle ledd av sakshandsaminga. Barneverntenesta har høg fagleg kompetanse kor alle tilsette har sosialfagleg høgskuleutdanning.

I kva grad har eininga oppnådd dei måla ein hadde sett seg for 2022

Implementeringsarbeidet for oppfølgingsprogrammet for foreldre som ikkje lenger har omsorg for barna sine er påbegynt, men ikkje ferdig. Bakgrunn for dette er fleire nytilsette i løpet av 2022. Nytilsette vil få opplæring i programmet i løpet av 2023. Barneverntenesta har fått støtte frå Statsforvaltaren til å utvikle fosterheimsarbeidet vidare ved at ein har fått tilskot saman med 8 andre kommunar på Haugalandet for å utvikla oppfølgingsprogram også for skule/barnehage samt for barnet etter flytting til fosterheim. Alle fosterheimar i Sveio får no tilbod om gruppekurs i Trygg Base, TBO-F og PMTO via prosjektsamarbeidet mellom barneverntenestene på Haugalandet. Kommunen kan no tilby sertifiserte PMTO terapeut til å gjennomføra PMTO rettleiingsprogram til dei familieane som har trong for dette.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

Barneverntenesta samarbeider mellom anna med BUF- etat (statleg barnevern). BUF- etat leverar tenester til kommunen i form av formidling av fosterheimar, samt formidling av institusjonsplassar til ungdom. Vidare gir BUF- etat tenester til kommunen i form av foreldrerettleiingsprogrammet MST, familieråd og foreldre-barn senter.

Barneverntenesta samarbeida/kjøper tenester med private aktørar for utføring av oppgåver som tilsyn i fosterheimar, rettleiing i fosterheimar, ulike typar miljøarbeid, fosterforeldre, støttekontaktar, besøksheimar og sakkunnige. Barneverntenesta samarbeida med 8 andre kommunar på Haugalandet om å tilby oppfølging til fosterheimar samt fagutvikling. Barneverntenesta samarbeida med 3 andre kommunar om barnevernvaktordning utanfor ordinær arbeidstid.

Barneverntenesta samarbeider med alle barnehagane og skulane i kommunen, både i einskildsaker og i felles fagmøter. Det er eit pågåande arbeid der ein ser på om dagens samarbeidsform.

Økonomi

Netto driftsutgift	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik*
Barnevern	14 757 061	16 188 863	15 497 211	691 652

* Pluss er meirforbruk og minus er mindreforbruk

Overforbruket er i hovudsak grunna meirforbruk knytt til institusjonsopphald for ungdom. Frå og med 01.01.22 auka kommunens eigenandel med over 100% slik at eigenandelen for kommunen no ligg på kr 170 000,- pr. månad. Tenesta fekk 1 ny institusjonsplassering hausten 2022. At ikkje overforbruket vart større totalt sett skuldast mindreforbruk på utgifter knytt til fosterheimar, lønsutgifter pga vakanse i stilling samt inntekter knytt til refusjon frå andre kommunar.

Organisasjon – tilsette og likestilling

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Barnevern	6	6	5	1

Sjukefråvær

Sjukefråvær %	2019	2020	2021	2022
Barnevern	1,8%	3,5%	1,9%	9,2 %

Tenesta har i 2022 hatt eit markant høgare sjukefråvær enn tidlegare år. Dette skuldast i hovudsak langtidssjukmeldingar knytt til svangerskap.

Hovudutfordringar 2023

Fag- og utviklingsarbeid vert viktig for å gjennomføra kompetanseprosessar. Dette for å sikra at barnevernet utviklar seg som ein kunnskapsorganisasjon og slik at kvalitetsforbetringa skjer opp mot kvalitetsmåla for barnevernet; tiltak som verkar, trygge tenester, brukarmedverknad, samordna tenester, tilgjengelege og likeverdige tenester og god resursutnytting. I løpet av 2023 vil tenesta fortsetta prosjektsamarbeidet med 8 andre kommunar på Haugalandet for å styrka fosterheimsarbeidet. Prosjektet får midlar frå Statsforvaltaren også i 2023 til dekking av kostanden til prosjektleiar. Samarbeid med andre kommunar vil vera svært viktig framover for at Sveio skal kunna innfri krav og forventningar til kva barneverntenesta skal ivareta av tilbod og tenester. Rekruttering av kvalifisert fagpersonell er og vil bli framover, ei utfordring. Barneverntenesta må saman med andre tenester i kommunen arbeida for å leggja til rette for at hensikta med Barnevernsreformen/Oppvekstreformen vil vere eit stort og viktig arbeid med å samordna tidleg og nær hjelp til barn og familiar som har trong for det.

Habilitering

Tenester og oppgåver i avdelinga

Eining Habilitering tilbyr tenester til born og vaksne som er psykisk utviklingshemma i Sveio kommune. Eininga gir heildøgns bustadtilbod til tretten brukarar og kommunal avlastning til ein brukar. Seks innbyggjarar nyttar arbeidstilbod ved UNI-K og Podlen verkstad. Det vert og gjeve avlastning i privat heim i utvida omfang. Støttekontakt, privat avlastning og BPA er tenester som ligg innan for tenestområdet sitt ansvar.

Fagteam Habilitering gir tenester til heimebuande barn, unge og vaksne. Kartlegging av behov, tilråding av aktuelle og nødvendige hjelpetiltak forutan rettleiing ovafor foreldre/føresette for aktuelle målgruppe. Målgruppa omfattar personar med ulik grad av funksjonssvikt med omsyn til kognitive evner og ressursar. Fagteamet arbeidar for å sikre tenestekvaliteten til heimebuande barn og ungdom gjennom rettleiing og samtalar til føresette. Støttekontakatar og private avlastarar får tilbod om rettleiing. Ei gruppe eldre heimebuande psykisk utviklingshemma har dag tilbod 1-3 dagar i veka.

Eininga sine mål for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

Sveio kommune skal være ein god stad og bu for alle, og det gjeld også for innbyggjarane i kommunen som fell innunder ansvarsområdet Habilitering. Eininga har i dag kommunale bustadar som ligger sentrumsnært, samt ei avdeling ved Straumøy gard for dei som har ynskt ein annan arena. Aktivitetshuset vart ferdigstilt september 2022. Målgruppa vil få eit betre aktivitetstilbod på dagtid. Brukarane får auka livskvalitet gjennom ein meningsfull kvardag. Fagteam Habilitering arbeidar for at flest mogleg skal få bu heime lenger. Det er behov for rettleiing og oppfølging i eigen bustad utanfor foreldreheim, for innbyggjarar i kommunen med nedsett kognitiv funksjon.

Velferdsteknologi kan bidrar til økt tryggleik for dei som er psykisk utviklingshemma. Velferdsteknologi gir sjølstende til heimebuande. Ved utbygging av nye bustadar må dette har høgt fokus. Eining Habilitering treng kvalifisert personale for å kunne drive fagleg forsvarleg. Vernepleiar er naudsynt, men er svært vanskeleg å rekruttera. Fokus på gode turnusordningar for å rekruttera rett kompetanse er viktig. Vernepleiarutdanning er ein prioritert utdanning som eininga legg til rette for at personalet skal kunne gjennomføra.

Eining Habilitering har auka søknadsmengde med behov for kommunale tenester. Dette gjeld særskilt auka behov for avlastning, støttekontakt og miljøarbeidstenester til heimebuande. Barn med ADHD er og ei gruppe som har auka behov for tenester. Samordna og betre tilrettelagte bustadar for aktuell gruppe gir aukande behov. Nye og fleire bustadar må prioriterast. Målgruppa leiger i dag bustad ved eining Habilitering, der døgntilbodet gir tenester vert tilbydd.

I kva grad har eininga oppnådd dei måla ein hadde sett seg for 2022

Aktivitetshus er ferdigstilt og vert nytta av målgruppa 5 dagar i veka. Eining Habilitering tilbyr fagutdanna tilsette hovudsakleg 100% stilling. Deler av stillinga er gjerne i bemanningsenter. Eining Habilitering har måtte omgjort stillingar til fagarbeiderstillingar, då ein ikkje klarar å rekruttere vernepleiar, som er ynskt.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

Eining Habilitering har avtalar med privt aktør MIO BPA, UNI-K og Podlen verkstad. Det vert i tillegg kjøpt arbeidstilbod for ein brukar av Haugesund kommune.

Økonomi

Netto driftsutgift	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik*
Habilitering	41 406 523	43 571 121	42 646 980	924 141

* Pluss er meirforbruk og minus er mindreforbruk

Organisasjon – tilsette og likestilling


Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Habilitering	59,3	66,0	54,0	12,0
BPA	3,2			

Sjukefråvær

Sjukefråvær %	2019	2020	2021	2022
Habilitering	15,8 %	9,1 %	15,5 %	10,7 %

Hovudutfordringar 2023

Auka behov for tenester gir økonomiske utfordringar. Unge vaksne har behov for miljøtenester når dei etablere seg i eigen bustad. Nyetablering av bustad for brukar med omfattande hjelpebehov vil kome i løpet av 2023. Nytt dagaktivitet behov frå hausten 2023 er i budsjett for ein brukar. Nye søknadar om privat avlasting og støttekontakt, vil gi utfordringar for budsjett 2023.



Teknisk og næring

Tenester og oppgaver i avdelinga

Rammeområdet omfattar administrasjon, næringsrettleiing, drift- og anleggs-avdelinga, plan- og næringsavdelinga. Hovudarbeidsoppgåver for drift- og anleggsavdelinga er drift, vedlikehald og utbygging av kommunale bygningar og anlegg. Vidare har avdelinga ansvar for vedlikehald og opprusting av kommunale vegar og sykkel-gangstiar, park og grøntanlegg, utbygging av kommunale bustadfelt og reinhald. Forvaltning av kommunal renovasjon og slam ligg og til avdelinga.

Sentrale arbeidsoppgåver knytt til plan- og næringsavdelinga er arealplanlegging, delingssaker, eigedomsdeling, byggesaker, registerføring, konsesjonar, akvakultur, utsleppsløyve, forureining, dispensasjonar, viltforvaltning, landbruk, veterinærvakt, energi/klima/miljø/vassforvaltning og kommunalt beredskapsarbeid.

Eininga sine mål for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

Rammeområdet legg til rette for næringsutvikling, auka verdiskaping og sysselsetting i kommunen. Teknisk område gjennomfører mange ulike prosjekt knytt til vidareutvikling og utbygging av nye bygg og anlegg. Vidare skal vi holde eit korrekt og trygt nivå på vedlikehald av bygg, vegar, ulike anlegg og utstyr. Gjennom god og langsiktig planlegging skal vi kunne tilby gode og trygge bumiljø. Vi skal også ha fokus på å ta vare på naturressursane og miljøkvalitetane.

Med omsyn til beredskap skal Sveio kommune være ein trygg kommune for alle som ferdast, arbeider eller har eigedom i kommunen.

I kva grad har eininga oppnådd dei måla ein hadde sett seg for 2022

Innan rammeområdet er det utanom normal drift arbeida med mange prosjekter i løpet av året. Nokre døme kan være enøk tiltak, uteområde Sveio skule, sal av tomter, veglys, trafikk sikring, nytt vassbehandlingsanlegg, oppgradering røyrnett, asfaltering, miljøfyrtårnsertifisering, planlegging av brannstasjon, badeanlegg, planlegging av ny barnehage og ferdigstilling av arbeids- og aktivitetssenter.

Gjennom året har ein utført nødvendig vedlikehald på kommunale bygg og anlegg, infrastruktur og uteområde.

Innan planområdet har vi arbeid vidare med kommuneplan, kommunedelplan for Sveio sentrum, områdeplan Ekrene vest, detaljregulering G/S-veg Ekrene-Vikse, og detaljregulering Fv. 541 Grimstvedt – Sveio sentrum. Kommuneplanen sin samfunnsdel er tidlegare politisk akseptert.

Ny strategisk næringsplan blei vedteken i 2022. I høve byggjesak blei det handsama 156 byggesøknadar, kor 10 løyve gjeld nye bustadeiningar.

Arbeidet med kvalitetsheving av det digitale eigedomskartverket og kvalitetsheving av bygningsopplysningar i matrikkelen er vidareført. Det er tilrettelagt datagrunnlag for oppdatering og kvalitetsheving av det kommunale avgiftsregisteret.

Plan- og næringsavdelinga har hatt ansvar for koordinering av veterinærvakta for Karmsund veterinærvaktområde og oppfølging av stasjonær veterinærvakt for smådyr (Karmsund og Tysvær vakt-distrikt).

Andre oppgåver som kan nemnast er eigeomsforvaltning, oppfølging av Haugalandspakken og Haugaland brann og redning. I 2019 inngjekk Sveio kommune samarbeidsavtale med Atheno om kjøp av førstelinjetenester innanfor næring og etablering.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

- Haugaland Vekst
- Vestland og Rogaland fylkeskommunar
- Statsforvaltaren i Vestland
- Samarbeidsrådet for Sunnhordland
- Innkjøpssamarbeid på Haugalandet
- Interkommunalt utval for park og idrett. Tysvær, Haugesund og Karmøy
- Skogfagleg kompetanse (10 %) blir kjøpt av Tysvær kommune
- Interkommunalt hjorteutval
- Haugaland landbruksrådgjeving
- Samarbeid med Stord brannvesen om branntilsyn i Bømlafjordtunnelen
- Felles redningsdykkarteneste saman med Haugesund, Karmøy, Tysvær og Vindafjord
- Haugesund regionen interkommunale utval mot akutt forureining (IUA Haugesund region)
- Sal av meklaropplysningar m.m. gjennom Ambita AS
- Beredskapsforum for ytre Haugalandet saman med Haugesund, Karmøy, Tysvær, Bokn og Utsira
- Deltaking i VA-gruppa i Haugaland vassområde.
- Planfagleg nettverk Sunnhordland (Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Sveio).
- Interkommunalt forum for matrikkel/oppmåling.
- Geovekst-samarbeid om etablering og ajourhald av digitale kartdata
- Interkommunalt samarbeid om sak og arkivsystemet Acos Websak med kommunane Bokn, Etne, Haugesund, Karmøy, Sveio, Tysvær og Vindafjord.
- Atheno

Økonomi

Netto driftsutgift	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik*
Tekniske tjenester	20 316 094	24 663 009	19 326 576	5 336 433

* Pluss er meirforbruk og minus er mindreforbruk

Drift- og anleggsavdelinga hadde meirforbruk særskilt knytt til naudsynt vedlikehald av bygg. Vidare var det betydeleg høgare utgifter til straum for både bygg/anlegg og veglys enn budsjettert. Vintervedlikehaldet krevde meir enn kva som var avsett midlar til.

Plan- næringsavdelinga hadde lågare inntekter enn budsjettert innan område oppmåling. Ansvar Brann, feiing og oljevern hadde eit meirforbruk. Dette skyldast i hovudsak manglande inntekt frå feiing, som må dekkjast inn på sjølvkost.

Organisasjon – tilsette og likestilling

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Administrasjon	0,5	1,0	0,0	1,0
Drift og anlegg (m/VAR)	18,0	18,0	3,0	15,0
Plan og næring	9,8	11,0	4,0	7,0
Sum	28,3	30,0	7,0	23,0

Rammeområdet har ei overvekt av menn.

Sjukefråvær

Rammeområdet har lågt sjukefråvær. Arbeidspresset på dei tilsette har lenge vore stort. Tabellen inkluderer tilsette innan VAR-området.

Hovudmål og utfordringar for 2023

Arbeide vidare med å skapa gode, langsiktige strategiar og planar for næringsutvikling og arealbruk i kommunen

Halde vedteke økonomiske rammer

Ha ei god oppfølging av investeringsprosjekt

Kapasitet til å gjennomføre alle vedteke prosjekt etter ønskja framdrift

Kapasitet til å sikre ønskja framdrift i planarbeid

Planleggja og utføra godt vedlikehald av tekniske anlegg, bygg og vegar

Behalda arbeidstakarar og ha tilstrekkelege personalressursar til å utføra arbeidsoppgåver

Skapa motivasjon og engasjement hos dei tilsette for å nå måla

Oppretthalda (og heva) kompetansenivået på avdelingane



Arbeide systematisk med
kontinuerleg forbetningsarbeid

Arbeide med å integrere klima
og miljøarbeid i einingane sitt
arbeid

Sikre at alle avløpsanlegg
oppfyller reinsekrava i
forureiningsforskrifta slik at
måla blir nådd innan 2027

VAR – Vatn, Avløp og Renovasjon

Tenester og oppgåver i avdelinga


VAR omfattar sjølvkostområda vatn, avløp og renovasjon. Rammeområdet har ansvar for drift, vedlikehald og utbygging av vatn og avløpsnett, samstundes med arbeidet som er knytt til renovasjon og slam.

Eininga sine mål for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

VAR området skal sikra godt vatn, nok vatn og hygienisk vatn til abonnentane. Vatn i røyr er og viktig for branntryggleiken. Hygienisk transport og tilstrekkeleg reinsing av avløpsvatn er viktig for samfunnet. Vidare skal området syta for effektiv og miljøvenleg avløpshandtering og tilby innbyggjarar og hyttefolk ei god og miljøvenleg renovasjonsordning.

I kva grad har eininga oppnådd dei måla ein hadde sett seg for 2022

- Drift av Førde vassverk
- Drift og vedlikehald av vatn og avløpsnett
- Lekkasjesøk og feilretting
- Oppfølging av nye tiltak
- Jobbe vidare med å etablere forsyningstryggleik i samsvar med ny vassforskrift (prosjekt nytt vassbehandlingsanlegg Furevatnet)
- Utviding av driftsovervaking vassmålarar med tanke på betre lekkasjesøk på leidningsnettet
- Registrering og tilstandsklassifisering av vasskummer. Skifte eller utbetring av dårlige vasskummer.



Graf: Utvikling i vassforbruk dei siste åra. Vassforbruket har auka i frå 2012. Delvis grunna auke i tilkoplingar, og delvis grunna generelt auke i vassforbruket. Auka fokus på lekkasjar og innføring av vassmålare på hovudnett og på nye hus/hytter har hjulpet å stabilisere forbruket på ca 1 mill m³ pr år.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

- Samarbeid med Haugesund om drikkevatn og avløpshandtering
- Innkjøpssamarbeidet på Haugalandet
- Renovasjon og slamtømming gjennom SIM
- Felles faglege fora for vatn og avløp

Økonomi

Netto driftsutgift	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik*
VAR - vann, avløp og renovasjon	-6 763 032	-6 560 082	-5 699 335	-860 747

** Pluss er meirforbruk og minus er mindreforbruk*

Rekneskapstala synar mindreforbruk for VAR området. Rekneskap avreknast i forhold til sjølvkostrekneskapen.

Organisasjon – tilsette og likestilling

VAR-området har 5,3 årsverk, fordelt på syv tilsette. Av desse er det fire menn og ei kvinne. Talet på tilsette og sjukefråvær er slått saman og vist i oversikt for teknisk rammeområde.

Hovudmål og utfordringar for 2023

- Halda vedteke økonomiske rammer
- Ha ei god oppfølging av investeringsprosjekt
- Kapasitet til å gjennomføre alle vedteke prosjekt etter ønskja framdrift
- Planlegga og utføra godt vedlikehald og fornying av eldre leidningsnett og anlegg
- Gjennomføra forprosjekt om å ta Furuvatn i bruk til vassproduksjon igjen
- Skapa motivasjon og engasjement hos dei tilsette for å nå måla
- Oppretthalda (og heva) kompetansenivået på avdelingane
- Arbeide systematisk med kontinuerleg forbetningsarbeid.

Sentraladministrasjon

Tenester og oppgåver i avdelinga

Til rammeområdet høyrer einingane Organisasjon og personal, økonomikontoret m/løn, og IKT-kontoret. Funksjonane rådmann, innkjøp, LEAN og lærlingar er og organisert under rammeområde sentraladministrasjon.

Rammeområdet har ansvar for å setja i verk politiske vedtak, driva organisasjonen i tråd med overordna føringar og leggja til rette for kvalitet og effektivitet i tenesteproduksjonen. Dei ulike støtteiningane har spesialiserte ansvar og leverar spisskompetanse innan ulike område. Dei skal vera støttespelarar for einingane i kommunen og for strategisk leiargruppe innan sine fagområde. Organisasjon og Personal består i dag av Offentleg servicekontor og Personalkontor med hovudoppgåver som beskrive under:

Offentleg servicekontor:

- service til innbyggjar og tilsett og vera kommunens ansikt utad
- sentralbordtenester med tilhøyrande merkantile oppgåver
- halda vedlike og utvikla nettsider og kommunen på facebook
- samordning av informasjon og kommunikasjon til befolkninga, inkludert i kriseleiing
- administrere støtteordningar (verdibrev, bustøtte, startlån mm)
- ansvar for kommunens forvaltning av alkoholloven
- ivareta funksjon politisk sekretær
- ansvar for arkiv og dokumentsenter
- administrere og tilrettelegge for kommune -og stortingsval, inkl. andre kommunale avrøystingar

Personalkontor:

- deltaking og støtte i personal- og tilsetjingssaker
- støtte leiarar i personal og konfliktsaker
- omstillingar og organisasjon endringar
- støtte leiarar i arbeidet med oppfølging sjukemeldte
- lokale forhandlingar
- samarbeid med tillitsvalte
- tilrettelegge for godt HMS arbeid
- koordinera oppfølging av lærlingar

Økonomi har ansvar for budsjett, regnskap, utbetaling av lønn, innkrevjing av kommunale krav, innkjøp, e-handel, eigedomsskatt og finans. Økonomi utarbeider mellom anna rekneskap, eigarskapsmelding og årsrapport.

Målsetjinga for IKT-eininga er å utvikla og drifta kommunen sine datasystem, samt datakommunikasjons- og telesystem på ein kostnadseffektiv og rasjonell måte, med fokus på stabilitet og driftstrygging.

For å oppnå dette har IKT-avdelinga blant anna desse oppgåvene:

- Ivareta innkjøp av IKT-utstyr til kommunens einingar
- Halda seg oppdatert på gjeldande lovverk, rutinar for datatryggleik
- Fungera som rådgjevar i IKT spørsmål.
- Leggja til rette for ei rasjonell og effektiv drift av kommunens IKT-system
- Utvikla kommunes IKT-løysingar slik at me får ein heilhetlig struktur

Eininga sine mål for å bidra til å realisere dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

I 2022 ble det gjennomført ei omorganisering der Servicekontor og Personalkontor ble eit område; Organisasjon og personal.

Oppdraget vårt er å gi støtte, informasjon og rådgiving til einingane og innbyggjarane.

Bakgrunn og målsetning med endringa var å styrka og samordna stabsfunksjonar i større grad. Organisasjon og personal består i dag av til saman 6,7 årsverk; 4,7 årsverk på Servicekontor/Politisk sekretær og 2 årsverk på Personal/Lærings/HMS. IKT-avdelinga leverer IKT-tenester til alle einingane i Sveio kommune. IKT er i dag eit naudsynt reiskap for å levere gode og effektive tenester til innbyggjarane.

I 2022 blei mykje av den sentrale infrastrukturen bytta. Dette gjeld sentrale serverløyisingar, lagringsløyisingar og nettverksløyisingar. Dei nye løyisingane gjev betre redundans og moglegheit til å halde tenestene operativ ved feil. Vidare har trusselbilete endra seg markant den siste tida og fokus på informasjonssikkerheit har vært høgt. Økonomi med løn har innført fleire nye digitale modular i 2022, for å gje betre tenester på ein meir effektiv måte.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

Kommunane på Haugalandet har over fleire år hatt eit godt samarbeid innan personalområdet. Personalnettverket på Haugalandet har jamlege statusmøter oftast via teams. To gangar i året prøver ein å få til ein felles fysisk samling i nettverket. Det same gjeld i prosjekter som Acos websak, dette har vert og er eit felles prosjekt på Haugalandet. Kommunen deltar i Digi Rogaland-prosjekt som også går inn i 2023; Kompetanseløft digital transformasjon. Eininga for IKT har og eit godt samarbeid med alle IKT-avdelingane i kommunane på Haugalandet i tillegg til NAV og Den norske Kyrkja.

Økonomi

Netto driftsutgift	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik*
Sentraladministrasjon	22 371 489	23 839 937	24 968 146	-1 128 209

* Pluss er meirforbruk og minus er mindreforbruk

Organisasjon – tilsette og likestilling

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Sentraladministrasjon	20,07	21,0	15,0	6,0

NB: Sentraladministrasjon består av: IKT, Personal, Servicekontor, Økonomi, rådmannen og leiargruppe, samt hovudtillistvalt fagforbundet, 0,87 %.

Sjukefråvær

Sjukefråvær %	2019	2020	2021	2022
Sentraladministrasjon	4,0 %	3,50% (3,6)	5% (5,3)	4,7 %

*Tala for kvar eining er ikkje presentert på grunn av for få tilsette.

Hovudutfordringar 2023


Det må sikras nok ressursar til å yta tilfredsstillande tenester internt og eksternt. Rammeområde skal ha fokus på å behalda og vidareutvikla kompetansen hos dei tilsette, og halde seg oppdatert på gjeldande lovar og regler. Rekruttering innan helse og omsorg er krevjande. Det er høgt sjukefråvær i enkelte einingar og det må sikras nok ressursar til å fullføre digitaliseringsprosjekt, eks Acos, Visma o.l.

Arbeidet med effektivitet i fakturahandsaminga vil halde fram i 2023. Rammeområde vil ha fokus på vedlikehald og vidareutvikling av internkontroll-systemet i kommunen. I tillegg til arbeid med ny IKT-strategi, bytte av fagsystem, utviding av funksjonalitet og integrasjon mellom programvare.

Lønnsforhandlingar 2023 – mange forventningar og utfordrande forhandlingsklima spesielt sentralt.

Målsetningar 2023

- Fokus på arbeidsmiljø og sjukefråvær
- Vidareutvikle og sikre fortsatt godt samarbeid med fagorganisasjonane
- Vidareutvikle og sikre fortsatt godt samarbeid med einingar og leiargruppa
- Sikre rekruttering til tenestane våre
- Sikre kontinuerleg kompetanseutvikling / leiarutvikling i organisasjon:
 - Kva er oppdraget vårt?
 - Medarbeidersamtalen 2023
 - Få fram utviklings -og karrieremogelegheiter
 - Omdømmebygging
 - DigiRogaland – kva betyr dette for Sveio?



Kyrkja– Sveio Kyrkjelege Fellesråd

Tenester og oppgåver i avdelinga

Sveio kyrkjelege Fellesråd er ein eigen sjølvstendig juridisk organisasjon som har vesentleg kommunal finansiering. Fellesrådet har ansvar for drift av kyrkjer og gravplassar og har sjølvstendig ansvar for personale, økonomi mv.

Fellesrådet legg til rette for gudstenester, dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd for kyrkja sine medlemmar som utgjer like under 80% av Sveio si befolkning. Vi legg og til rette for ulike tiltak for barn og unge, vaksne og eldre. Alle innbyggjarar er velkomne, uavhengig av medlemskap.

Fellesrådet har og ansvar for å leggja til rette for å ha gode og tenlege gravplassar tilgjengeleg for alle Sveio kommune sine innbyggjarar. Her har Sveio kommune eit desentralisert tilbod med 12 gravplassar rundt om i kommunen.

Eininga sine mål for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

Sveio kyrkjelege Fellesråd har som eit av sine mål at det skal ha gode tilbod for Sveio kommune sine innbyggjarar, dette gjeld både medlemmar og ikkje medlemmar. Forutan av dei fleste innbyggjarane i Sveio har eit nært forhold til kyrkja gjennom kyrkjelege handlingar som dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd har kyrkjene og ein sentral plass i bygda sin identitet. Kyrkjene er og viktige kulturbygg i bygda. Valestrand Kulturkyrkje har ein særleg funksjon som kulturkyrkje for bygda.

I kva grad har eininga oppnådd dei måla ein hadde sett seg for 2022

Kyrkja i Sveio har som eit mål at «det skal vera godt å bu...» i Sveio. Etter ein lengre periode med pandemi har ein kunne hatt eit meir normalt år i 2022. Folk har i stor grad på ny nytta seg av tilboda som vert gitt gjennom kyrkja. Samtidig ser me at oppmøte på gudstenester og kulturarrangement er noko lågare enn før pandemien.

Sveio Kyrkjelege Fellesråd har og som mål at det skal «vera godt å leva igjen» for dei som mista nokon av sine kjære. I 2022 har vi slik vi ser det greidd å halda gravplassane i tilfredstillande stand. Dette trur me er viktig for dei som har nokon av sine kjære gravlagt her i Sveio. Kyrkja i Sveio samarbeider og med andre fellesråd om sorggrupper. Dette kan og vera viktig for dei som har mista nokon av sine.

Det var planlagt oppstart av utviding av gravplassen på Eikeland i løpet av 2022. Dette har me ikkje lukkast med og det er stor uro for kapasiteten på denne gravplassen om ikkje utvidinga kjem i gong straks.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

Sveio kommune er ein viktig samarbeidspartnar for kyrkja i Sveio. Samarbeidet er regulert i ein tenesteytingsavtale. Det er særleg viktig for Fellesrådet med den kompetansen kommunen sit inne med på viktige områder som lønn og personal, ikt og prosjektleiing.

Andre viktige samarbeidspartnara for kyrkja er kyrkja regionalt og nasjonalt samt ulike frivillige organisasjonar lokalt i Sveio.

Økonomi

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sitt rekneskap for 2022 gjekk i balanse. Rekneskapen er likevel svært marginal og hovudgrunnane til at resultatet ikkje vart negativt var langtidsfråvær og ekstraordinær straumstønad frå staten.

Netto driftsutgift	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik*
Fellesrådet	6 751 987	6 838 350	6 170 000	668 340

* Pluss er meirforbruk og minus er mindreforbruk

Organisasjon – tilsette og likestilling

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Sveio kyrkjelege fellesråd	5,2	8,0	3,8	1,4

Sjukefråvær

Fellesrådet manglar statistikk på området. Men pga langtidsfråvær er sjukefråværet høgt i 2022.

Hovudutfordringar 2023

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sin hovudutfordring i 2023 er å yta våre tenester innanfor ei langt lågare økonomisk ramme. Reduksjon i kommunalt tilskot samtidig med forventet stor auke i straumkostnader samt generell høg løns og prisvekst gjer at vi enten må kutte i tenester/tilbod eller betydeleg bruk av opptente midlar for å dekkja inn underskot i drifta.

Dette blir svært utfordrande for Fellesrådet då reduksjon i drift vil gå ut over vårt tilbod. Eit av få alternativ er å redusere vedlikehaldet på gravplassane.

Utviding av gravplassen på Eikeland er særskild nødvendig og må gjennomførast snarast råd.

Få gjennomført straumsparingstiltak, her under etablering av varmepumper mv i Sveio kyrkje.

Økonomisk oversikt - drift	Regnskap 2022	Reg. budsjett 2022	Oppr.budsjet 2022	Regnskap 2021
Driftsinntekter	566 151 580	524 619 894	512 982 832	533 005 650
Driftsutgifter	568 478 739	522 296 319	511 691 804	522 866 884
Brutto driftsresultat	-2 327 159	2 323 575	1 291 028	10 138 766
Netto finansutgifter	-5 749 492	-14 661 028	-18 261 028	-15 716 241
Motpost avskrivninger	26 785 051	24 000 000	24 000 000	25 464 293
Netto driftsresultat	18 708 399	11 662 547	7 030 000	19 886 818
Disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	18 708 399	11 662 547	7 030 000	19 886 818
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	0	0	0	0

Rekneskapen for 2022 viser eit netto driftsresultat for Sveio kommune på 18,7 millionar kroner. Dette er 7,0 millionar kroner meir enn regulert budsjett og 11,7 millionar kroner meir enn opphavgleg budsjett. I følgje Teknisk

beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) bør netto driftsresultat over tid vera på minst 1,75 prosent av inntektene for kommunesektoren samla. Dette målet er endra frå 3,0 % frå og med 2014. Sveio kommune har vedteke eige mål for netto driftsresultat på 1,25 % av brutto inntekter. I 2022 blei netto driftsresultat i kommunen på 3,3 % av inntektene.

Dei samla driftsinntektene for kommunen auka med 6,2 % frå 2021 til 2022. Driftsutgiftene auka med 8,7 %. Som ein følgje av dette gjekk brutto driftsresultat ned med 12,5 millionar kroner frå 2021 til 2022.


Frie inntekter	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026
Innbyggjartilskot (likt beløp per innb.)	131 298	134 503	142 229	144 406	142 972	150 947	161 330	162 592	163 548	163 552
Utgiftsutjamning	27 312	27 562	25 333	23 836	26 609	29 040	33 238	33 417	33 384	33 384
Overgangsordningar (INGAR fra 2009)	-568	-405	-306	-212	-218	-279	-236	-236	-236	-236
Saker særskilt fordeling	1 440	1 351	1 539	2 689	1 659	2 157	5 162	5 162	3 796	3 796
Veksttilskot	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Ordinært skjøn inkl bortfall av dif.arb.avg.	3 800	3 600	3 600	3 400	2 800	2 800	2 800	2 800	2 800	2 800
Diverse saldering statsbudsjettet	1	478	-214	876	765	-8 601	967	0	0	0
Tillegg statsbudsjettet 2022	0	0	0	0	0	812	0	0	0	0
Korona - skjønn, inntektssystemet mm	0	0	0	6 612	9 095	12 661	0	0	0	0
Sum rammetilskot u/ inntektsutj	163 282	167 088	172 180	181 607	183 682	189 538	203 261	203 735	203 292	203 296
Netto inntektsutjamning	2 355	25 148	30 330	24 980	8 754	20 902	31 430	29 034	29 034	29 034
Sum rammetilskot	165 637	192 236	202 510	206 587	192 436	210 440	234 691	232 769	232 326	232 330
Skatt på inntekt og formue	160 876	140 486	141 649	146 291	191 979	200 857	167 289	170 695	170 695	170 695
Sum skatt og rammetilskot	326 513	332 722	344 159	352 878	384 415	411 297	401 980	403 464	403 021	403 025

Endring fra foregåande år	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2025
Sum rammetilskot		16,1 %	5,3 %	2,0 %	-6,8 %	9,4 %	11,5 %	-0,8 %	-0,2 %	0,0 %
Skatt på inntekt og formue		-12,7 %	0,8 %	3,3 %	31,2 %	4,6 %	-16,7 %	2,0 %	0,0 %	0,0 %
Sum skatt og rammetilskot		1,9 %	3,4 %	2,5 %	8,9 %	7,0 %	-2,3 %	0,4 %	-0,1 %	0,0 %

Tala frå 2016-2022 er i kroner frå dei respektive åra. Tala frå 2023-2026 er i 2022-kroner, og er basert på berekningar fra KS.

Kommunens frie inntekter består av rammetilskot og skatt på inntekt og formue.

Av tabellen over går det fram at samla rammetilskot utanom inntektsutjamningar har auka med 20,4 millionar, eller 12,5 % frå 2017 til 2022. Inntektsutjamning og skatt på inntekt og formue har auka med 35,9 % i same periode, frå 163,2 millionar i 2017 til 221,8 millionar i 2022. Samla har auken i frie inntekter vore på 26,0 % frå 2017 til 2022. Dette utgjør ein auke på 84,8 millionar kroner i perioden.



Delen av frie inntekter som kjem frå skatt på inntekt og formue har gått opp ned frå 49,3 % i 2017 til 48,8 % i 2022. I 2022 hadde Sveio kommune til saman 1,5 millionar kroner i inntekter frå eigedomsskatt. Dette utgjorde kr 257,- per innbyggjar. For landet utanom Oslo var inntektene per innbyggjar nesten tolv gonger så høge, kr 3 004,- per innbyggjar. I 2022 var inntektene frå eigedomsskatt 15,7 millionar kroner lågare i Sveio enn dei ville vore med eigedomsskatt på linje med

gjennomsnittet i Noreg utanom Oslo. Inntektene frå eigedomsskatt i Sveio fordelar seg med om lag 60 % på bustad- og fritidseigedomar og 40 % på andre eigedommar. Frå og med 2023 vil ikkje Sveio kommune ha inntekter frå eigedomsskatt.


Driftsresultat

Brutto driftsresultat blei 4,7 millionar kroner lågare enn budsjettert i 2022, og enda på minus 2,3 millionar kroner. Netto driftsresultat blei på 18,7 millionar kroner i 2022, medan det var budsjettert til om lag 11,7 millionar kroner. I opphavleg budsjett vedteke i desember 2021 var netto driftsresultat på 7,0 millionar kroner. I 2022 fekk Sveio kommune inntekter frå Havbruksfondet på 13,9 millionar kroner.

Driftsinntektene blei 41,5 millionar høgare enn budsjettert i 2022. Dette skuldast i stor grad om lag 22,7 millionar kroner meir i skatt, inntektsutjamning og skjønstilskot enn budsjettert. Dette inkludera 6,2 millionar kroner i ekstra skjønsmidlar knytt til koronapandemien. Kommunen fekk også om lag 4,8 millionar kroner meir i refusjonar frå staten og om lag 3,4 millionar meir i sjukelønsrefusjon enn budsjettert.


Driftsutgiftene i 2022 blei 46,2 millionar høgare enn budsjettert. Lønsutgiftene inkludert sosiale utgifter blei 17,0 millionar kroner høgare enn budsjettert. Kjøp av varer og tenester blei 18,5 høgare enn budsjettert. Dette skyldast mellom anna 6,0 millionar kroner meir i straumutgifter og om lag 2,1 millionar kroner meir til innleige av legar.

Netto driftsresultat enda på 18,7 millionar kroner i 2022, medan det var budsjettert til om lag 11,7 millionar kroner. Avviket frå budsjett skuldast høgare inntekter enn planlagt og ikkje fult så stor auke i utgiftene. Opphavleg budsjett vedteke i desember 2021 viste eit netto driftsresultat på 7,0 millionar kroner.



Gjeld


Per 31.12.2022 har Sveio kommune ei langsiktig gjeld utanom pensjonsforpliktingane på 582,2 millionar kroner. Startlån utgjør om lag 20,4 millionar kroner av gjelda. I tillegg har kommunen netto pensjonsmidlar på 29,6 millionar kroner. Totalt sett utgjør Sveio kommune si langsiktige gjeld, eksklusiv pensjonsforpliktingar 102,8 % av kommunens brutto driftsinntekter. Sveio kommune har per 31.12.2022 ei netto lånegjeld på 64,0 % av driftsinntektene. Kommunen har som mål å ha ei netto lånegjeld på maksimalt 80,0 %. Vidare har kommunen som mål å ha ei netto renteesponert gjeld på maksimalt 35 % av brutto driftsinntekter. Per 31.12.2022 var den på 21,2 %.



Driftsfond

Sveio kommune har 128,6 millionar kroner på frie driftsfond per 31.12.2022. I tillegg kjem 9,3 millionar kroner på bundne driftsfond. Midlane på bundne driftsfond er mottekne av andre og kan berre nyttast til det føremål som er bestemt av givar. Sveio kommune har vedtatt eit mål om å ha eit disposisjonsfond på minst 10 % av brutto inntekter, per 31.12.2022 var disposisjonsfondet på 22,7 % av inntektene.


Brutto driftsutgifter



Sveio kommune sine driftseiningar er delt inn i ulike rammeområde. Figurane visar kvart rammeområde sin del av kommunen sine brutto driftsutgifter i 2022 og utviklinga i brutto driftsutgifter sidan 2015.

Som det går fram av figuren til venstre så nytta Sveio kommune i 2022 mest ressursar til Oppvekst skule (24 %), Pleie og omsorg (16 %), Oppvekst barnehage (12 %) og Habilitering (12 %).

Av figuren under ser ein at kommunen har hatt størst vekst i utgifter sidan 2015 på områda Barnevern (85 %) og Helseavdeling med fellestenester (69 %).




Den økonomiske stillinga

Av figuren under ser me at Sveio kommune har hatt ein sterk vekst i både gjeld, og eigendelar frå 2012. Eigenkapitalen har hatt ein endå sterkare vekst i perioden.

Balansen	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Anleggsmidler	846 959 731	901 923 450	931 813 724	968 904 057	1 026 336 570	1 074 720 971	1 171 704 326	1 250 524 203	1 260 397 849	1 299 048 936
Omløpsmidlar	128 084 086	130 191 440	144 917 114	208 385 515	237 652 146	334 455 673	312 780 955	295 445 987	306 291 544	407 342 300
Sum eigendelar	975 043 818	1 032 114 891	1 076 730 838	1 177 289 572	1 263 988 717	1 409 176 644	1 484 485 282	1 545 970 190	1 566 689 393	1 706 391 236
Eigenkapital:										
- ubundne fond	21 193 783	32 019 518	40 559 138	54 579 242	73 906 596	92 242 027	100 465 268	103 467 416	123 075 343	148 003 312
- bundne fond	12 694 040	13 318 857	10 910 620	15 655 397	20 114 315	17 327 637	15 770 729	16 432 189	19 076 169	13 066 342
- annan eigenkapital	2 977 973	3 326 818	9 520 730	8 096 176	6 417 839	8 046 829	2 080 086	-1 639 492	-2 552 286	-1 639 336
- kapitalkonto	182 863 497	189 710 041	211 407 685	209 638 064	231 329 202	247 105 303	277 277 509	352 365 330	368 640 151	385 801 677
Sum eigenkapital	219 729 293	238 375 234	272 398 173	287 968 877	331 767 952	364 721 796	395 593 592	470 625 443	508 239 377	545 231 995
Langsiktig gjeld	699 574 695	735 389 061	748 122 878	823 456 445	867 766 643	970 418 047	1 013 450 527	1 006 159 943	985 329 376	1 084 446 376
Kortsiktig gjeld	55 739 830	58 350 596	56 209 786	65 864 249	64 454 121	74 036 801	75 441 162	69 184 804	73 120 640	76 712 865
Sum gjeld	755 314 525	793 739 657	804 332 664	889 320 694	932 220 764	1 044 454 848	1 088 891 689	1 075 344 747	1 058 450 016	1 161 159 241
Sum eigenkapital og gjeld	975 043 818	1 032 114 891	1 076 730 838	1 177 289 572	1 263 988 717	1 409 176 644	1 484 485 282	1 545 970 190	1 566 689 393	1 706 391 236

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Eigenkapitalprosent	22,5 %	23,1 %	25,3 %	24,5 %	26,2 %	25,9 %	26,6 %	30,4 %	32,4 %	32,0 %

Arbeidskapital (omløpsmidlar - kortsiktig gjeld)	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
	72 344 256	71 840 844	88 707 328	142 521 266	173 198 025	260 418 872	237 339 793	226 261 183	233 170 905	330 629 435




Som ein følgje av denne utviklinga har delen av eigendelar som er finansiert med eigenkapital gått opp. I 2013 utgjorde eigenkapitalen 22,5 % av eigendelane, medan den utgjorde 32,0 % i 2022. Ein tommelfingerregel seier at eigenkapitalprosenten til ei industribedrift minst bør vera på 35 %. Ein har ikkje tilsvarende måltal for kommunar.

Ein viktig årsak til utviklinga er at kommunens pensjonsleverandørar etter regelendringar har redusert kommunens pensjonsforpliktingar og auka kommunens pensjonskapital. Sveio kommune finansiera nye investeringar med låneopptak. Som ei motvekt til dette betala kommunen meir i årlege avdrag enn det som er lovpålagt.

Likviditet

Sveio kommune hadde god likviditet i heile 2022. Det var aldri fare for at kommunen ikkje skulle vere i stand til å betale sine forpliktingar etter kvart som dei forfall til betaling.

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Likviditetsgrad I	2,0	2,7	2,6	2,9	3,5	3,7	4,5	4,1	4,3	4,2	5,3
Likviditetsgrad II	1,9	2,4	2,3	2,7	3,2	3,5	4,4	4,0	4,2	4,1	5,2



Investering

Sveio kommune investerte for 39,7 millionar kroner i anleggsmidlar i 2022. Det var planlagt å investera for 248,2 millionar kroner. Avviket mellom budsjett og rekneskap skuldast i all hovudsak tidsforskyving av investeringar. Oppstart av prosjekt for nytt vatnbehandlingsanlegg og forseinka investering i nytt badeanlegg og to brannstasjonar gjer særskilt store utslag. Det var planlagd å investera for høvesvis 50, 36 og 55 millionar kroner i vatnbehandlingsanlegg, badeanlegg og brannstasjonar i 2022, medan det berre blei gjennomført investeringar for i overkant av 2 millionar kroner. Samla avvik på desse investeringane på nærare 140 millionar kroner

Bevilgningsoversikt - investering

	Regnskap 2022	Reg. budsjett 2022	Oppr.budsjett 2022	Regnskap 2021
1 Investeringer i varige driftsmidler	39 738 520	248 152 742	61 900 000	53 356 253
2 Tilskudd til andres investeringer	790 560	501 500	0	4 230 105
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	1 115 218	1 300 000	1 100 000	912 146
4 Utlån av egne midler	1 000 000	4 429 000	0	0
5 Avdrag på lån	0	0	0	0
6 Sum investeringsutgifter	42 644 298	254 383 242	63 000 000	58 498 504
7 Kompensasjon for merverdiavgift	5 746 868	37 268 288	10 130 000	7 849 389
8 Tilskudd fra andre	13 644 203	8 401 812	0	2 505 761
9 Salg av varige driftsmidler	10 828 262	8 900 000	6 500 000	2 757 147
10 Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0	0
11 Utdeling fra selskaper	0	0	0	0
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	1 381 000	0	0	0
13 Bruk av lån	13 558 561	179 675 536	33 670 000	45 729 391
14 Sum investeringsinntekter	45 158 895	234 245 636	50 300 000	58 841 688
15 Videreutlån	2 333 359	0	0	0
16 Bruk av lån til videreutlån	0	0	0	0
17 Avdrag på lån til videreutlån	1 100 156	0	0	1 100 159
18 Mottatte avdrag på videreutlån	2 041 610	0	0	2 209 271
19 Netto utgifter videreutlån	1 391 905	0	0	-1 109 112
20 Overføring fra drift	-3 721 420	-22 659 000	-18 700 000	-1 160 000
21 Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	1 107 799
22 Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	-912 950	0	0	-195 005
23 Dekning av tidligere års udekket beløp	8 400 000	8 400 000	6 000 000	1 699 501
24 Bruk av ubundet investeringsfond	-2 642 938	-5 878 606	0	0
25 Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0
24 Sum overføring fra drift og netto avsetninger	1 122 693	-20 137 606	-12 700 000	1 452 295
25 Fremført til inndekning i senere år(udekket beløp)	0	0	0	0

Samla sett er investeringsrekneskapen gjort opp utan at noko er udekket eller udisponert.

Den største investeringane i 2022 var knytt til Bustadfelt Arbeids- og aktivitetssenter for funksjonshemma (7,9 mnok).

I 2023 er det budsjettet med nye investeringar i varige driftsmidlar på 114,6 millionar kroner. Legg ein til investeringsrestanse frå tidlegare år er det planlagd investeringar i varige driftsmidlar i 2023 på 285,8 millionar kroner. Dei største planlagde nye investeringane i 2023 er badeanlegg på 52,3 millionar kroner og Sveio barnehage med 43,5 millionar kroner. Tar ein med tidlegare års bevilgning skal det etter planen investerast for 49,6 millionar kroner barnehagen.

Sveio

13.4.2023

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Jostein Førre', is written over the printed name. The signature is fluid and cursive, with a long horizontal stroke extending to the left.

Jostein Førre

Rådmann